

I ei brytningstid der den digitale utviklinga sprikar i alle retningar, ser vi allereie no at bloggkonseptet er ein viktig formidlingskanal for dei unge.

les Ine Marit Torsvik Bertelsen på kommentar plass s. 2

NR 2 • 2011 • ÅRGANG 10 • POST@LNK.NO • WWW.LNK.NO

Froskeprinsen

Elevbedrift gir ut digital barnebok på nynorsk.

Side 16

Satsar på idrett

I framtida skal det bli mogeleg å studere idrett på høgskulenivå i Suldal kommune.

Side 18-20

Litteraturhus

Forfatter Helga Gunerius Eriksen gler seg til å få litteraturhus i Bergen.

Side 11

Optimist



Foto: Kulturdepartementet

Den nye direktøren for Språkrådet vil styrkje nynorsken gjennom språkleg likestillingsarbeid.

• Sjå s. 3

Ny leiar



Foto: Judith S. Litlebamar

Astrid Myran Aarvik er innstilt som ny leiar i LNK.

• Sjå s. 12 og 13



Foto: Øystein Øygarden/Vest-Telemark blad.

Klagar på staten

Nesten halvparten av nynorsk kommunane får sjeldan eller aldri skriv frå staten på nynorsk slik lov om målbruk i det offentlege krev. Det kjem fram i ei kartlegging utført av LNK, Nynorsk kultursentrum og

Språkrådet. Frustrerende for kommunane og pinleg for staten, seier LNK. Kommunane må klage meir, seier Språkrådet. Ordførar Arne Vinje i Vinje (biletet) er ein av dei som har klaga. • Side 6 og 7



Rosenkrantz' gate 8
N- 0159 Oslo
+ 47 23 21 41 00
bookingoffice@bondeheimen.com

BEST WESTERN HOTELL
BONDEHEIMEN
Sidan 1913

- Eit naturleg val for overnatting og møte i hovudstaden

Same gamle visa

Nynorsk kommunane får ikkje skriv frå staten på nynorsk, trass i at lov om målbruk i offentleg teneste seier at kommunane har krav på det. Det syner ei undersøking gjort av LNK, Språkrådet og Nynorsk kultursentrum.


Det er ikkje noko nytt og overraskande i det. Den verkeleg store overraskinga hadde vel vore å høyre at staten faktisk tar det språklege ansvaret sitt på alvor og svarar kommunane i den målforma kommunen sjølv bed om.

Og i den store samanhengen, der stat og kommune strir med samhandlingsreform, sentralisering av sjukehus og store og krevjande samferdsletiltak, kan ein sjølvsagt spørje seg om dette er noko å bruke tid og krefter på. Kvifor skal nynorsk kommunen sine tilsette bry seg når dei får brev på bokmål? Kvifor skal saksbehandlaren ta seg tid til å skrive brev tilbake og klage, sjølvsagt med kopi til Språkrådet og LNK? Har ikkje dei tilsette i kommunane betre og viktigare ting å stelle med? Er ikkje ord berre ord? Så lenge vi forstår einannan, så må det vere greitt?

Det er ikkje manglande forståing som er utfordringa i denne saken. Vi forstår truleg kvarandre meir enn godt nok, anten vi bruker bokmål eller nynorsk. Det er mangelen på respekt som er problemet. Som ordførar Arne Vinje seier i denne avisa: Det handlar om at staten skal tene oss alle, uansett kor vi bur og kva målform vi bruker. Og når staten sjølv feller ned i lovverket at kommunane kan få velje kva språk dei ønskjer at staten skal bruke overfor dei, ja så må vi kunne ta dei på ordet.

Kommunane vedgår rett nok sjølve at det kan vere vanskeleg å stille krav til målform når ein tilset nye folk. Andre krav veg tyngre når ein skal få på plass fagfolk. Det er ikkje urimeleg å tenkje seg at dette gjeld også oppover i systemet.

Rettferdiggjering kallast det, og det er ei enkel øving. Å vise vilje til å gjere noko med det er atskillig meir krevjande. Likevel må staten kome på banen og gjere nettopp det i denne saka. Det handlar om respekt.



Illustrasjon: Leif Harald Forthun

På sjølvstyr



Ine Marit Torsvik Bertelsen

Litteratur- og kulturformidlar,
Rogaland fylkeskommune
Foto: Knut Vindfallet/
Stavanger Aftenblad

KRONIKK

«Maktforskyving frå barnebok til blogg, frå forfattar til bloggar vil vere den største utfordringa for litteraturfeltet dei komande åra.»

Utfordringane for barnelitteraturen er folk flest, folk flest som ikkje har grunnleggjande kunnskap om barnelitteratur som fagfelt. Skil den nye barneboka overleve det digitale samfunnet vi har i dag, må ein ikkje skilje eller dele barnelitteraturen. Utfordringane er dei same anten ein skriv nynorsk eller bokmål.

Folk flest er opptekne av barnelitteraturen og har ei mening om han. Barnebøker representerer for mange symbolet på den idylliske barndommen, og ein ønskjer derfor ikkje at barneboka skal endre seg, i alle fall ikkje på ein slik måte at ho utfordrar, provoserer eller presenterer eit syn på verda som ein ikkje kan kjenne seg att i. Dei tradisjonelle barnebøkene har derfor ein usedvanleg sterk posisjon i samfunnet, særleg hos den middelaldrande generasjonen.

Folk flest uttalar seg offentleg om barnelitteraturen i langt større grad enn tidlegare, noko som fører til at fagfolk ikkje blir einerådande i å setje dagsorden for dei nye barnebøkene og lett blir sette på sidelinja når den vidare utviklinga vert utforma. Kunnskapen om barnebokfeltet blir derfor på den eine sida prega av eit forelda syn på barnelitteraturen, som er dominerande i det offentlege rom, og den framveksande generasjonen av skrivande unge som brukar nettet som sin

formidlingskanal. Taparen blir fagmiljøet rundt den nye barneboka. Men andre ord er dei to store utfordringane for barnelitteraturen maktforskyving av definisjonsmakta på fagfeltet og den digitale utviklinga med alle sine moglegheiter.

Det finst mykje forskning på barnebokfeltet. Men for meg står forskinga fram som så detaljorientert, der kompliserte analysar av einskildverk står sentralt, at heilskapsperspektiva for barnelitteraturen blir borte. Fagfeltet barnelitteratur har aldri utvikla ein eigen forskingsteori og byggjer derfor forskingsresultata sine på teoriar frå andre forskingsområde. Dette er uheldig av mange årsaker, men den viktigaste er at barneboka sitt grunnleggjande teoretiske fundament, forklaringssevne og eigenart ikkje eksisterer. Derfor er det så lett for folk flest å ha ei mening om barneboka som får påverke fagfeltet.

Eg undrar meg på kva konsekvensar det vil få for barnelitteraturspektoren, at andre enn fagfolk tar styringa eller påverkar utviklinga?

Vi veit at når eit fagfelt blir allemannseige og ekspertisen mister definisjonsmakta, fell kontrollen over utviklinga bort, og vi får ei maktforskyving. Fagfeltet barnelitteratur vil då meir enn nokon gong tidlegare vere prisgitt den som har størst marknadsføringskompetanse og påverknadskraft på marknaden. Vi ser allereie tendensar til ei maktforskyving når det gjeld utviklinga av e-barnebøker.

I ei brytningstid der den digitale utviklinga sprikar i alle retningar, ser vi allereie no at bloggkonseptet er ein viktig formidlingskanal for dei unge. Nokre bloggar har opptil 70 000 lesarar kvar dag. Bloggarane er dyktige unge jenter som har forstått omgrep som marknadsføring, påverknadskraft og definisjonsmakt, og som utnyttar dette til fulle.

Den stor taparen er barnelitteraturen som ikkje har klart å tilpasse seg den oppveksande slekta, nemleg dei digitalt innfødde, men som har utvikla seg i så ulike retningar at omgrepet barnelitteratur på nokre typar «barnebøker» ofte blir misvisande og uforståeleg for folk flest.

Med ei slik utvikling er ei maktforskyving frå bok til blogg, frå forfattar til bloggar ikkje til å unngå.

Trur på haldningsarbeid



Den nye direktøren i Språkrådet, Arnfinn Muruvik Vonen, meiner ei av dei største utfordringane for nynorsken er dei sterke negative haldningane i nokre urbane bokmålsmiljø.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Vonen tek til i direktørjobben i løpet av våren, men har allereie gjort seg opp ei meining om kva som blir Språkrådet si største oppgåve framover.

– Å vise i praksis at Stortingsmelding nr. 35 (2007–2008) legg eit godt grunnlag for ein heilskapleg norsk språkpolitikk. Det vil seie at dei tradisjonelle språkpolitiske oppgåvene, som vesentleg er knytte til dei ulike variantane av det norske språket, skal opplevast å inngå i eit heile med dei nyare oppgåvene, som handlar meir om tilhøva mellom norsk og andre språk: engelsk, svensk og dansk, og dei ulike minoritetsspråka. Det nye svaret Språkrådet har fått for dei nasjonale minoritetsspråka og norsk teiknspråk, er òg viktig og må også sjåast i den same heilskapen, slår han fast.

Han påpeikar at han må gjere seg kjent med medarbeidarane og Språkrådet som organisasjon før han stakar ut ein vidare kurs i arbeidet.

SPRÅKLEG LIKESTILLING

– Er du sjølv eit nynorsk-menneske?

– Dersom eit nynorsk-menneske er ein som brukar nynorsk til vanleg, så er eg ikkje det. Bokmål har alltid vore hovudmålet mitt. Men eg likar nynorsk godt og er glad kvar gong eg får ein e-post på nynorsk på jobben på universitetet, slik at eg kan få praktisert nynorsken min i svaret. Eg lagar dessutan sjølv eksamensoppgåvene til studentane mine på begge målformer.

– Kva trur du om framtida til nynorsken?

– Eg trur at samlivet mellom dei to målformene våre er med på å gje det norske språksamfunnet ein spesiell identitet som vi skal vere stolte av. Alle dei lokalpolitiske vala mellom målformene tener som påminningar om at språk ikkje er noko nøytralt som berre er der uavhengig av oss språkbrukarane, men at vi er med på å velje den språklege røynda vi lever i. Derfor meiner eg at vi må stå på for å styrkje nynorsken gjennom språkleg likestillingsarbeid. Det er stor politisk semje om dette målet, og eg er optimistisk i arbeidet for å nå det.

Vidare trur han haldningsarbeid kan styrkje nynorsken, og at tilsynet med mållova blir viktig framover.

SPRÅKET ENGASJERER

Den nye språkdirektøren er overbevist om at språk engasjerer mange, ikkje minst sidan språket er alle stadar i livet, som han seier.

– Det er den viktigaste reiskapen vi har til å leve liva våre som sosiale vesen, det vil seie til å kommunisere. Og samstundes er det den fremste identitetsmarkøren vår – vi viser verda kven vi er, med språket vårt, og vi gjer oss tankar om kven dei rundt oss er, ut frå språket deira. Språk ligg til grunn for våre enklaste samvær med kvarandre og for våre mest sofistikerte kulturuttrykk. Det skulle berre mangle om vi ikkje var opptekne av det.

Han er i tillegg oppteken av at norsk språk er under stadig press av engelsk, og han meiner dei miljøa som står i fare for å gå over til å bruke engelsk på område der det kanskje ikkje er naudsynt, sjølv må få innsjå kva dei kan tape på gjere det.

– Generelt har eg tru på dialogisk framferd, seier han.

– Har du eit yndlingsord?

– Eigentleg ikkje. Eg kosar meg med mange ord i mange språk. Det er til dømes eit teikn i norsk teiknspråk som eg likar godt fordi eg ikkje klarer å forstå kva funksjon det har i språket. Men du vil kanskje ha eit norsk ord. Eg er blitt skulda for å vere «forholdsmeister» fordi eg er blitt teken i å seie «i forhold til» i ein samheng der mange meiner ein burde velje ei anna formulering. Så kanskje eg er litt (for) glad i det uttrykket.

Vonen har sidan 1997 vore professor ved Institutt for spesialpedagogikk ved Universitetet i Oslo. Her har han også vore instituttleiar. I 2005 var han medlem av ei arbeidsgruppe som greidde ut norskfaget på oppdrag frå utdanningsministeren.

AUDMJUK DIREKTØR

– Korleis skal du no skape ro i Språkrådet, der leitinga etter ny direktør har vore lang og krevjande?

– Sjølv om eg har registrert at det har vore noko uro i den prosessen, har eg ikkje inntrykk av at eg kjem til eit språkråd prega av uro. Eg ser fram til å bli kjend med medarbeidarane, styret og fagråda, og så tar vi det derfrå.

Og han er audmjuk over å setje seg i direktørstolen etter Sylfest Lomheim.

– Eg er audmjuk når eg tenkjer på kor flink han har vore til å profilere både Språkrådet og språk generelt i ålmenta. Eg har ikkje nokon ambisjon om å freiste å kopiere han på det punktet. Også for meg blir profileringsarbeid viktig, men kva former det skal få, skal eg drøfte med medarbeidarane mine.

Språkrådet er no i innspurten av normeringsarbeidet. Vonen meiner dette har vore ein viktig prosess, som han likevel vil vente med å kommentere til han har byrja i stillinga som direktør.

NY JOBB: Arnfinn Muruvik Vonen er audmjuk når han no skal ta over direktørjobben i Språkrådet etter Sylfest Lomheim. (Foto: Språkrådet)

DRAUM OG TULLSKAP

Festskrift til
Rasmus Løland 150 år

Pris 248,-

Bestilling på e-post:
post@nashornet.no

I bokhandelen frå 27. april

SELJA FORLAG



Det er 150 år sidan forfattaren Rasmus Løland blei fødd. Løland var ein pioner i barnelitteraturen. Han skreiv historier direkte og levande til ungane, som skil seg frå eventyr og bibelhistorier.

Denne boka handlar om det å bli lesen for, ho handlar om kvifor Løland var ein pioner og ho handlar om arven etter han i den nynorske barnelitteraturen.

Her fortel mellom andre Herborg Kråkevik om kva ho les for dottera si, her fortel Ingelin Røssland om korleis det er å vera forfattar og besøka skuleklassar, og her fortel Arnt Birkedal om kva posisjon Løland har og har hatt i litteraturen.

Denne boka er for deg som har blitt lesen for og for deg som likar å lesa for barn.

Norsk Plan as
ABC Startside
SpareBank 1 SR-Bank
Sjungeunds Avis



SITATET:

– Ein ferjefri kyststamveg (E 39), frå Trondheim til Kristiansand vil gi Vestlandet store samfunnsgevinstar.

Fylkesordførar i Rogaland og leiar i Vestlandsrådet
Tom Tvedt (Ap) til NPK.

Once in a blue moon



Vidar Høviskeland

Dagleg leiar i LNK

HØVISKE ORD

– Norsk når du kan, engelsk når du må, seier språkdirektørane. Overskrifta er slik sett i grenseland, men av og til er engelsk eit fargerikt språk, sjølv om Noregs Mållag vil hevda at «nynorsk er a better language.» Me kunne sjølv sagt ha skrive «så godt som aldri.»

For det skal handla om språkstatistikk. I sist utgåve av LNK-avisa fortalde me om nynorsk kommunar som får så godt som alt tilfang frå departementa på bokmål, sjølv om dei har krav på å få alt på nynorsk. – Statsorgana må sørgje for at dei betrar praksisen sin og følgjer opp sitt eige lovverk. Det bør vere sjølv sagt at statsorgan skriv brev og e-postar på den målforma som kommunen har valt. Det er alvorleg at statsorgana ignorerer språkvala til kommunane, seier fagkoordinator i Språkrådet, Nina Teigland. Ho oppmodar kommunane om å klaga på den departementale praksisen.

For det er eit tankekors at berre 14 % av kommunane seier at dei har klaga på desse lovbrota. Mange av dei som klagar, sender

dessutan klagen sin direkte til det organet som bryt lova, utan å senda kopi til Språkrådet eller LNK. Det er lett å tenkja seg at slike klagar aldri når fram til dei som har det overordna ansvaret for språk i staten.

Det er òg grenser for kor lenge ein språkbevisst rådmann eller etatsjef orkar å bruka tid på å klaga, når det kvart år vert dokumentert at det rett og slett ikkje fører til haldningsendringar i staten. I mars la Kulturdepartementet fram Språkstatistikk for departementa for 2010. Dette er eit årvisst ritual som gong på gong dokumenterer at mållova ikkje fungerer optimalt så lenge ho ikkje har sanksjonar knytt opp mot seg. Berre knapt halvparten av departementa oppfylte den lovheimla minimumskvoten på 25 % av kvar språkform i stortingsdokumenta sine. Gjennomsnittet for dei siste seks åra viser om lag 23 %. Det er ei mager trøyst at det var endå verre for ...

Statistikken for «andre dokument» er òg trist lesnad: I kategorien «dokument over 10 sider» er

nynorskprosenten 9 %, medan tilsvarende tal for kortare dokument er 21 %. I ei pressemelding om saka kommenterer Kulturdepartementet statistikken lakonisk: «Det er likevel ingen tvil om at det gjennomgåande blir brukt nynorsk altfor sjeldan når departementa produserer dokument som brosjyrar, rettleingar, rapportar, større høyringsbrev og liknande.» Pressemeldinga er på nynorsk. Det er då noko.

Der som me legg bak oss ein mistanke om at det er vond vilje eller likesæle som kjem til uttrykk i undersøkinga over og i språkstatistikken frå Kulturdepartementet, står me att med ei sannsynleg årsaksforklaring: manglande språkkompetanse i departementa. Stortingsmeldinga Mål og meining frå 2008 er ofte god å ty til. Der heiter det:

– Departementet vil ta initiativ til å etablera ein standard for språkleg kvalitet i staten.

– Departementet vil ta initiativ til å etablera eit system for språkleg internkontroll i staten.

– Det blir lagt opp til at statlege organ skal ha ein språkleg kompetanseplan som sikrar at dei kan oppfylle lovpålagde krav om bruk av nynorsk og bokmål.

Når departementa ikkje klarar å levera tenester dei er pålagde, ventar me at Riksrevisjonen grip inn. Når departementa ikkje klarar å levera tenester dei er pålagde innafor fagområdet språk, ventar me på den blå månen.

Framleis G35 i Ørsta, Skjåk og Lom

Etter fem år med utgreiing og vurdering har Tine bestemt seg for å halde på produksjonen av raudosten i Ørsta, Skjåk og Lom. Så seint som i fjor fekk leiinga i Tine lagt føre seg ein rapport som synte at det var mest lønsamt å produsere osten på Storsteinnes, Elnesvågen og Byrkjelo og å avvikle produksjonen i Lom og Skjåk og i Ørsta. I løpet av hausten har folk engasjert seg i saka, og ei Facebook-gruppe med namnet La G35 leve har greidd å få 51 000 følgjarar. Kjendiskokk Arne Brimi har òg involvert seg, og etter at det vart kjent at osteproduksjonen får halde fram i Skjåk og Lom, seier han til lokalavisa Fjuken: – Eg er tulle glad. Glad for at vi kan vinne ein kamp oppi her òg. Kampen for identitet og gode produkt.

Skal kære Noregs vakraste tettstad

Kommunaldepartementet vil ha kommunane med i ein nasjonal konkurranse for å kåre den vakraste tettstaden i landet.

– Det er rimeleg brei semje om at norske tettstader har ei utfordring når det gjeld estetikk og gode møteplassar, seier kommunalminister Liv Signe Navarsete til Avisenes Nyhetsbyrå. Navarsete trur reiseliv og turisme vil få att for ei styrking av estetikken, og viser til mellom andre Tyskland og Sveits som gode inspirasjonskjelder.

Fekk debutantpris

Telemarksforfatter Helga Flatland har fått Tarjei Vesaas' debutantpris for romanen *Bli hvis du kan. Reis hvis du må*. Boka, som er skriven dels på nynorsk og dels på bokmål, fekk tidlegare i vinter Ungdommens kritikarpris. Frå før har Helga Flatland fått Aschehougs debutantstipend.

Helga Flatland er busett i Oslo. Ho har bachelorgrad i nordisk språk og litteratur frå Universitetet i Oslo og har i tillegg treårig utdanning frå tekstforfattarlinja på Westerdals School of Communication.



Landssamanslutninga
av nynorsk kommunar (LNK)

PB 7044
St. Olavs plass
0130 Oslo
www.lnk.no

post@lnk.no

Dagleg leiar:
Vidar Høviskeland
Styret:
Jan Magne Dahle, leiar
Astrid Myran Aarvik, nestleiar

Solfrid Borge
Laura Seltveit
Rune Øygard

Varamedlemer:
Nils R. Sandal
Velaug Veum
Bjørn Fredrik Nome

LNK arbeider for å skape positive haldningar til nynorsk språk og kultur og for at kommunane og styresmaktene tek desse sakene opp gjennom sine planverk.

LNK tek på seg å vere talerøyr for medlemene og spreie informasjon som styrkjer dialektane, nynorsk skriftspråk og dei kulturtradisjonane dette står for.

LNK samarbeider med:
Bladet Sunnhordland
KLP forsikring
Hotell Bondeheimen
Fagforbundet
Kommunalbanken

Rettskrivingsnorm på høyring

Nemnda som har jobba med revidert nynorskrettskriving, la fram forslag til ny norm 1. februar, og framlegget har seinare vore ute på open høyring.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

21. februar vart det halde høyringsmøte på Nasjonalbiblioteket i Oslo, og 80 personar møtte fram for å seie meininga si. Dei framførte representerte hovudsakleg nynorskorganisasjonane, men somme møtte òg som privatpersonar til det opne ordskiftet. Språkrådet har samla alle innspela som kom denne dagen på nynorsknemnda si heimeside.

Rettskrivingsnorma har også blitt vigd plass i media i løpet av høyringsperioden, både i form av redaksjonelle utgreiingar, i lesarbrev og i kommentarar. Kulturjournalist Jan. H. Landro i Bt.no spør mellom anna om den nye norma tek omsyn til at nynorsken skal vere eit språk for heile landet, og ikkje berre eit vestnorsk regionalmål, som han kallar det.

Forslaget til ny norm er også lagt inn i ordboka Ordrik, som kan lastast ned på nett. Her kan publikum prøve ut kva former som vil vere tillatne eller ikkje viss den nye norma vert vedteken slik ho ligg føre no.



HØYRING: Grete Riise og nynorsknemnda har hatt open høyring. (Foto: Språkrådet)

Rettskrivingsnemnda skal kome med den endelege innstillinga si 1. april. Sidan

skal styret i Språkrådet fatte sitt vedtak 20. mai, før den endelege avgjerda blir teken

av Kulturdepartementet. Den nye norma skal truleg takast i bruk frå 1. august 2012.

Leitar etter ny direktør

– Me er godt i gang med prosessen med å finne ny forlagsdirektør, seier styreleiar i Samlaget, Kristin Bjella.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Det har storma rundt Samlaget i det siste. Først kom det fram i ei kartlegging frå Den norske Forfatterforening at det var Samlaget som hadde dei minst nøgde forfattarene. Så valde Frode Grytten å forlate forlaget. Kort tid etter kom meldinga om at forlagsdirektør Tove Lie gjekk av.

– Ei totalvurdering av situasjonen i forlaget gjer at eg vel å slutte no. Eg har leidd Samlaget gjennom ei rekkje nødvendige endringar, og slikt skapar uro. Eg ønskjer Samlaget alt godt med alle utfordringane dei har, både når det gjeld marknaden på papir og digitalt, bransjesituasjonen, kon-

kurransen om dei gode forfattarene og den viktige jobben med å spreie nynorsk litteratur. Eg vonar at det no vil bli ro og entusiasme i og rundt forlaget, uttalte Tove Lie då i ei pressemelding.

IKKJE HASTVERK

Forlagssjef for Samlaget Utdanning, Tom Skovdahl, vart konstituert i stillinga. Styreleiar Kristin Bjella uttrykte respekt for at Lie valde å gå, og ynskte henne lukke til vidare.

– Tove Lie har vore ein sterk pådrivar for viktige vedtak om satsing framover, uttalte ho då Lie gjekk av.

No har stormen stilna noko, og arbeidet med å finne arvtakaren til Lie er i gang. Bjella reknar med at utlysinga er klar om kort tid.

– Me har engasjert profesjonell hjelp til å leite fram og velje ut den rette personen, og styret er sjølvstøtt direkte og aktivt engasjert i prosessen. Me veit ikkje når

vi har ein ny direktør på plass, men me har ikkje hastverk, seier ho til LNK-avisa. Ho framhevar at det er god stemning i forlaget, og at ein har ein konstituert forlagsdirektør med brei tillit internt og eksternt. Dermed meiner Bjella ein kan bruke den tida som trengs for å finne den rette personen til direktørstillinga.

INGEN KOMMENTAR

Ho vil verken kommentere årsaka til at Tove Lie valde å gå, eller misnøya blant forfattarene i Samlaget.

– Når det gjeld oppseiinga frå Tove Lie tidlegare i vinter, er det kommentert breitt i media tidlegare, og eg ynskjer ikkje å gå attende til dette no. Det same gjeld Frode Grytten, slår Bjella fast.

Finn Totland er i tillegg konstituert som forlagssjef i Samlaget Litteratur til ny forlagssjef er på plass. Totland tek over etter Margit Walsø, som blir direktør i Norla – Senter for norsk skjønn- og faglitteratur i utlandet.

Tar attval



Håvard B. Øvregård.
(Foto: Astrid E. Hjelmeland)

Håvard B. Øvregård tar attval som leiar i Noregs Mållag. Øvregård har vore leiar i Mållaget dei siste to åra. Før det var han nestleiar i fleire år.

Mållaget har gåande ein kampanje retta mot barnehagane, og denne kampanjen vil halde fram også i 2011. I tillegg vil Øvregård mellom anna jobbe for at vaksne innvandrarskalar skal få opplæring i nynorsk, for at sidemålsundervisninga for dei med bokmål som hovudmål skal få eit løft, og for at kommunane i det heile skal ta meir ansvar for nynorskelevane.

Håvard B. Øvregård er 35 år gammal og kjem opphavleg frå Volda. Noregs Mållag sitt årsmøte finn stad i Suldal 8. til 10. april. I tillegg til at Øvregård er innstilt som leiar, er Aud Søyland innstilt som ny nestleiar.

Får ikkje brev på nynorsk

Nesten halvparten av kommunane får ikkje skriv frå staten på nynorsk, sjølv om dei har krav på det.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

I ei kartlegging gjord av Språkrådet, Nynorsk kultursentrum og LNK svarar førti prosent av nynorskkommunane og dei språknøytrale kommunane at dei sjeldan eller aldri får skriv frå statsorgan på nynorsk. Tel ein berre nynorskkommunane, stig talet til 44 prosent. Det er dei sentrale statsorgana som syndar mest. Berre 10 prosent av dei spurde seier dei får skriv frå sentrale organ på nynorsk, medan talet for kommunale og regionale organ er høvesvis 54 og 53 prosent.

MÅLVEDTAK

– Nynorskkommunane har gjennom lov om offentlig målbruk krav på at alle brev og skriv frå statlege organ kjem på nynorsk, seier fagkoordinator i Språkrådet, Nina Teigland, til LNK-avisa. Dette gjeld kommunar som har fatta eit såkalla målvedtak, altså som har fatta vedtak om kva målform som gjeld for deira kommune. Det er i dag 114 nynorskkommunar i landet, og alle desse og dessutan 11 av dei 157 språkleg nøytrale kommunane vart inviterte til å uttale seg i kartlegginga. Dei 11 språknøytrale er kommunar med tradisjon for å bruke nynorsk.

– KLAG MEIR

Teigland peiker på at svært få nynorskkommunar bruker klageretten sin når dei får brev frå statlege organ på bokmål. Berre 13 prosent av kommunane har klaga på at dei ikkje får skriv på nynorsk, og dei fleste av desse har klaga direkte til det aktuelle statsorganet. Somme av kommunane seier dei ikkje visste at det finst klagerett.

– Vi oppmodar kommunane til å bruke klageretten sin, seier Nina Teigland. – Sjølv om kommunane ønskjer å klage direkte til det aktuelle organet, så er det viktig at



KLAG: Nina Teigland i Språkrådet vil at kommunane seier frå. (Foto: Språkrådet)

vi får klagen som ein kopi. Berre på den måten kan vi få registrert kor ofte dette skjer, og kva omfang dette har.

MÅ FØLGJE LOVA

Verken Språkrådet eller kommunane har noko sanksjonsmynde overfor statlege or-

gan som ikkje overheld lova, men Teigland meiner ei synleggjering av omfanget vil gjere det lettare for rådet å ta dette opp med departementa for om råd å bøte på problema. Sjølv om dei rår kommunane til å klage, er Språkrådet klare på kor ansvaret ligg:



VIL HØYRE: Vi treng også å høyre frå kommunane som klagar, seier dagleg leiar i LNK, Vidar Høviskeland. (Foto: Judith Sørbus Litlebamar)

Uvilje i staten

Det kan skorte på kompetanse og vilje når staten ikkje greier følgje opp egne lover, men skriv bokmål til nynorskkommunar, seier dagleg leiar i LNK, Vidar Høviskeland.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Ein kan stille seg spørsmål om kvifor det er slik, og eitt av svara kan vere at det er for dårleg rekruttering av nynorskskrivande folk hjå departementa, føreslår Høviskeland.

– Ein kan òg mistenkje at slike forhold skuldast mangel på kompetanse hjå depar-

tementa, eller at dette kan vere eit utslag av likesælesyndromet. Alle tre teoriane er ille, men av desse er det siste det verste.

Spesielt er Høviskeland kritisk til at også Kulturdepartementet kjem dårleg ut i denne undersøkinga, så lenge departementet har det overordna ansvaret for språkpolitikken i landet.

SEI FRÅ

At så få klagar på dette, reknar han med kan skuldast at kommunane rett og slett har gitt opp.

– Og dei som klagar, sender ofte klagen sin direkte til den instansen brevet kom frå. Det må dei sjølv sagt gjere, men då med kopi til LNK og Språkrådet. Både organisasjonane har interesse av å vite om omfanget og har behov for å kartlegge det.

MÅLFORM I KOMMUNANE

Nynorsk	– 114 kommunar
Bokmål	– 160 kommunar
Språknøytrale	– 157 kommunar

Ein språknøytral kommune har ikkje fatta vedtak om å krevje skriv frå statsorgan i ei særskild målform.

Frå lov om målbruk i offentlig teneste §5:

Eit kommunestyre kan gjere vedtak om å krevje ei viss målform i skriv frå statsorgan til kommunen, eller gjere vedtak om at kommunen er språkleg nøytral. Tilsvarende vedtak kan fylkestinget gjere for fylkeskommunen.

Så lenge ein kommune eller ein fylkeskommune ikkje har gjort vedtak som nemnt i denne paragrafen, skal han reknast for å vere språkleg nøytral.

Utvalde tal frå undersøkinga: (Nynorskkommunar og språknøytrale)

Om lag kor ofte får de skriv frå statsorgan på nynorsk?

40 %	- aldri eller sjeldan
45 %	- ofte
16 %	- veit ikkje

Kor ofte får kommunen e-postar frå statsorgan i den målforma som er vedteken?

55 %	- aldri eller sjeldan
24 %	- ofte
1 %	- alltid
16 %	- veit ikkje
4 %	- eventuell kommentar

Kva målform får vaksne innvandrarak opplæring i?

35 %	- nynorsk
42 %	- bokmål
23 %	- varierende

Set kommunen språkkrav i utlysingar? (Flere alternativ mogleg.)

39 %	- nei
59 %	- ja, det blir opplyst om kva som er administrasjons-språket i kommunen
15 %	- ja, det blir opplyst om opplæringsmålform når ein søker etter pedagogisk personale
8 %	- andre krav

BLANDING

No er det ikkje berre staten som skårar dårleg i denne kartlegginga. Undersøkinga viser også at kommunane sjølv har sine utfordringar. Mellom anna syner ho at mange nynorskkommunar har ei blanding av nynorsk og bokmål på heimesidene sine. Åtte prosent av nynorskkommunane seier dei har bae språk på heimesidene, medan talet for nynorskkommunane og dei språknøytrale til saman er 18 prosent. Mange av dei som har bae målformer på nettsidene sine, har meir bokmål enn nynorsk, og det overraskar Høviskeland.

– Det er uønskelig i kommunar der nynorsk er fleirtalsform, seier han.

SITATET:

– Lærarane er til for elevane, og då må vi sikre at lærarane har det grunnlaget som skal til for å kunne gi elevane fullgod opplæring i både nynorsk og bokmål. Ikkje minst må det til for oppfylle elevane sine språklege rettår, som allfor ofte blir oversett.

Leiar i Norsk Målungdom, Janne Nygård, i høve organisasjonen sitt 50 - årsjubileum

Har klaga

Ordførar Arne Vinje (SV) i Vinje kommune er ein av dei som har klaga over at staten ikkje følgjer lova og sender skriv i rett målform.

TOYNI TOBEKK
toyini@norsk-plan.no

– Det er viktig at interessa til minoritetane, i dette tilfellet dei språklege minoritetane, ikkje blir ignorerte og på den måten gjort veikare over tid, seier Vinje til LNK-avisa om kvifor han tar dette så alvorleg. Det er ikkje berre han som ordførar som klagar, han kjenner òg til at fleire av hans tilsette har klaga når dei ikkje får brev og skriv i den målforma kommunen har krav på.

– Vi har ei generell oppmoding mellom oss om å klage, men det er opp til kvar ein skild tilsett å gjere det. Det er naudsynt å seie frå kvar gong det offentlege sviktar, meiner Vinje. – Dei sentrale styresmaktene må gjerast merksame på at dei skal stå til teneste i eit land med språkleg variasjon.

KAN IKKJE KREVJE

– Stiller de sjølve krav til målform når de tilset nye folk i kommunen?

– Alle som søker jobb her, er klar over at vi er ein nynorsk kommune. Men vi kan nok ikkje alltid koste på oss den luksusen det er å la språkleg kompetanse gå over den faglege. Vi prøver derfor å ha jamleg opplæring av dei tilsette og gjennomførte nyleg eit språkkurs.

– Kva med nettsidene dykkar? Mange av nynorsk kommunane har ei blanding av bokmål og nynorsk på nett.

– Eg kan ikkje seie eg sjølv har sjekka alt som ligg der, men eg trur ikkje du vil finne noko anna enn nynorsk på heimesidene våre. Eg ville blitt svært forskrekka viss eg fann noko på bokmål der.

UNDER PRESS

I nynorsk kommunen Vestre Slidre i Valdres er dei også godt kjende med at brev frå det offentlege kjem på bokmål i vel så stor grad som på nynorsk. Ordførar Eivind Brenna seier dei registrerer at det skjer, men dei har ikkje klaga på det. Nynorsken er i det heile teke under press i ein kommune som Vestre Slidre, seier han. – Mange av skuleungdommane våre går over frå nynorsk



KLAGAR: Ordførar Arne Vinje i Vinje har klaga til staten over manglande språkleg respekt ved fleire høve. (Arkivfoto)

til bokmål når dei kjem i vidaregåande skule. I tillegg pendlar 40 prosent av arbeidsstokken i kommunen til bokmålskommunen Nord-Elvdal for å jobbe.

UTFORDRANDE MED REGIONAR

Mange tilsette i kommunen har heller ikkje nynorsk som sitt førstespråk, seier ordføraren, men legg til at det er eit krav om å bruke nynorsk i Vestre Slidre kommune. Når nye stillingar blir lyste ut, blir det opplyst om at nynorsk er administrasjonsspråket i kommunen.

Også regionsamarbeidet set sitt preg på språksituasjonen. Vestre Slidre er ein del av Valdres-regionen, som omfattar tre nynorsk kommunar og tre språkøytrale kommunar. Språkøytrale kommunar har ikkje fatta målvedtak, men kan likevel føretrekkje ei målform framfor ei anna.

Sjølv om det ytre og indre presset på språket er stort, ønskjer Brenna at nynorsken skal bestå i kommunen. – Eg ser det som viktig for elevane våre at dei har nynorsk på skulen. Både kulturen og bakgrunnen vår taler for det.

Må stille krav

Kommunane bør stille krav til målform når dei lyser ut ledige jobbar. Då har ein sikra seg best, meiner Jan Magne Dahle, styreleiar og ansvarleg for utdannings spørsmål i LNK.

TOYNI TOBEKK
toyini@norsk-plan.no

Både nynorsk kommunane og dei språkleg nøytrale kommunane bør seie frå om kva målform kommunen bruker, ved nyttilsetjingar, og då spesielt når ein tilset pedagogisk personale, meiner Dahle. Kartlegginga syner

at berre 15 prosent av kommunane opplyser om opplæringsmålform når ein lyser etter pedagogisk personale.

– Kvifor det er blitt slik, er ikkje godt å seie. Kan hende reknar kommunane med at folk veit kva målform som rår. Men Dahle seier det kan bli vanskeleg å få tak i rett kompetanse når kommunane ikkje opplyser om målform.

– Det er umåteleg viktig at det pedagogiske personalet i ein kommune kan nynorsk, seier Dahle og viser til at dette har vore ei viktig sak for LNK lenge.

– Vi har diskutert kor viktig norskfaget i lærarutdanninga er, med Kunnskapsdepartementet ved fleire høve. Vi meiner at alle lærarar må ha god kompetanse i norsk, og det inneber både i nynorsk og bokmål, uansett kva fag dei underviser i.

Knut Vareide

Forskar og sosialøkonom.
Fagkoordinator for
regional utvikling hjå
Telemarkforskning



PÅ KOMMUNEVIS

Alle stader vil vekse, men korleis?

Alle stader eg veit om, ønskjer å ha vekst i folketalet. Ingen liker at staden deira har fallande folketal. Stader med ambisjonar ønskjer å ha vekst minst på høgde med landsgjennomsnittet. Dei som har slik vekst, ønskjer at veksten skal fortsette også i dei neste åra.

Av og til stiller vi spørsmål ved om befolkningsvekst eigentleg er eit godt mål. Kanskje det ville vere betre å skape livskvalitet og trivsel hos dei som bur på staden? Viss ein verkeleg fikk dette til, ville vi forvente at folketalet auka. Viss livskvalitet og trivsel var merkbar betre på ein stad, ville få flytte ut, medan mange ville flytte inn. Dermed ville folketalet auke. Befolkningsvekst kan dermed både vere eit mål i seg sjølv og samstundes eit barometer på om staden har kvalitetar. Befolkningsvekst blir på dette viset viktig uansett om vi er opptekne av kvalitet eller kvantitet.

Det neste spørsmålet er då: Kvifor er det nokre stader som veks, medan andre stader har nedgang? Det blir snakka mykje om kva som gjer stader attraktive. Attraktive for kva eller kven?

Telemarkforskning introduserte i 2010 modellen Attraktivitetspyramiden. Dette er ein modell for å forklare kvifor somme stader veks, medan andre stader krympar. Attraktivitetspyramiden seier at det er tre måtar ein stad kan vere attraktiv på slik at han veks.

Ein stad kan vere attraktiv for bedrifter som produserer varer og tenester for sal til andre stader. Mange stader har vaks opp fordi dei har vore gunstige for landbruk, fiske eller industri. I dag er det teknologiske tenester som veks. Dette er også konkurranseutsett næringsliv som genererer inntekter, men til skilnad frå industri og primærnærings trengst ikkje store areal, straum, råstoff eller naturressursar. I staden trengst kompetanse.

Den andre måten ein stad kan vekse på, er å vere attraktiv for besøk. Mange nærings treng kundar som er fysisk til stades, som handel, servering, overnatting og kultur og underhaldning. Innanfor besøksnærings er det kultur og underhaldning som aukar raskast.

Den tredje vegen til vekst er å vere attraktiv som bustadområde. Dette er ein ny måte stader kan vekse på. Tidlegare måtte folk bu nært arbeidsstaden. No pendlar fleire og fleire. Dermed kan ein stad vekse gjennom å vere attraktiv å bu i, og han kan trekkje til seg folk som ikkje arbeider, eller som pendlar.

Stader som ønskjer å stimulere befolkningsvekst og vere attraktive, har dermed tre frontar dei kan setje inn støyten på. Etersom det etter kvart er aukande konkurranse mellom stadene, er det best å sikre seg gjennom å vere attraktive for både bedrifter, besøk og buseiing samtidig. Korleis er din stad? Er det attraktivt for bedrifter, besøk og buseiing, og korleis kan staden blir meir attraktiv langs desse tre aksane?

Samarbeider om nynorsk i barnehagen

I førre veke sa Norsk Bibliotekforening ja til å vere med i eit samarbeid med LNK, Nynorsksenteret og Pirion for å gjere gode nynorske barnebøker tilgjengelege i barnehagar.

ELIN MOEN KARLSEN
elin@norsk-plan.no

–Vi har lyst til å bidra i dette prosjektet fordi det er viktig for Norsk Bibliotekforening at det er eit godt samarbeid mellom biblioteka og barnehagane, seier leiar Svein Arne Tinnesand.

Samarbeidet mellom dei forskjellige partane er ikkje formalisert ennå. Prosjektet skal presenterast på landstinget til LNK i Suldal i slutten av april.

Resten av året skal samarbeidspartane utvikla prosjektet, som førebels ikkje har fått noko namn. Under bibliotekkonferansen i Stavanger i mars neste år vil partane seie korleis prosjektet konkret skal fungere. Mykje av jobben er allereie gjort.

– Det finst allereie mykje god litteratur for barn på nynorsk. Lesesenteret i Stavanger har allereie prøvd ut eit tilsvarende prosjekt utan fokus på målform, og Kunnskapsdepartementet har gjennom Barnehageløftet sagt at språkstimulering i barnehagane er eit satsingsområde, seier initiativtakaren til det planlagde nynorskprosjektet, Janne Karin Støylen ved Nynorsksenteret i Volda.

GODE NETTVERK

Samarbeidspartane har også gode nettverk,

noko som gjer jobben lettare. Nynorsksenteret har per i dag eit formalisert samarbeid med 10 barnehagar spreidde over heile landet. Pirion, som er ei kulturavis for barnehagar, har eit opplag på 38 000 eksemplar og har også eit apparat for å arrangere kurs i kommunane.

Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) har 120 medlemmer, det vil seie nesten alle nynorskkommunane og fleire språknøytrale kommunar der nynorsk er fleirtalsform i skulen. Norsk Bibliotekforening (NBF) har rundt 3200 medlemmer, av desse er cirka 2100 personlege medlemmer.

Styret i LNK var positive til ideen som Støylen kom med.

–Vi ser kor viktig det er at barn og ungdom lærer seg å bli glade i litteratur. Det gjer det mogeleg for dei å tileigna seg eit godt språk når dei blir eldre, seier dagleg leiar i LNK, Vidar Høviskeland.

– Det handlar om å gjere ungane og dei vaksne medvitne om at dei bur i ein nynorskkommune. Målet er dessutan å førebu ungane på leseopplæringa som kjem i skulen, seier Janne Karin Støylen.

DISTRIKTSUTVIKLING

Allmennlærer Støylen sitt arbeidsområde på Nynorsksenteret er nynorsk barne- og ungdomslitteratur.

–Vi ser kor bra det blir i dei 10 pilotkommunane som vi nå har eit samarbeid med, og eg ønskjer ikkje at dette arbeidet skal stoppe etter prosjektet, slår initiativtakaren fast.

Ho trur at eit godt arbeid med nynorsk språkstimulering kan ha ein positiv effekt for utviklinga av distrikta.

– Dei kommunane som har innbyggjarar



NYNORSK TIL BARN: Janne Karin Støylen trur at eit fokus på nynorsk språkstimulering allereie i barnehagen kan gjere identiteten sterkare og føre til ungdommar flyttar heim igjen etter enda høgskuleutdanning. (Foto: Astrid Eidhammer Hjelmeland)

som er trygge på språk og identitet, står sterkare med tanke på at ungdom flyttar heim igjen, seier Støylen.

Når samarbeidsprosjektet for å gjere nynorske barnebøker tilgjengelege i barnehagen kjem meir på plass, kan kommunar melde seg på.

–Vi har fundert litt på om vi skal lokka med at det er eit prosjekt for kommunar med fart og sjølvtilitt, sluttar Støylen, og viser med dette til mottoet til Tonje Glimmerdal i barnebokforfattar Maria Parr si prislønte bok.

Meir litteratur for barn

Talet på bøker for barn og unge aukar stadig, viser tal frå Norsk barnebokinstitutt (NBI).

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

I 2009 vart det gitt ut 1162 bøker i kategorien barne- og ungdomslitteratur. Av desse var 349 nye norske utgjevingar. Talet på utgjevingar for 2009 femnar om nye bøker så vel som nyutgjevingar av eldre bøker.

DOBLA TALA

NBI har ført statistikk over utgjevingar for barn og unge sidan 1990. Det året vart det gitt ut 624 barne- og ungdomsbøker, av desse var 215 på norsk. Det viser at det samla talet på utgjevingar nesten er dobla, medan talet på reint norske ut-

gjevingar relativt sett har vakse mindre.

Forlagsredaktør for barn og unge i Samlaget, Erle Stokke, seier dei har hatt ein god auke i talet på titlar for barn i løpet av 2000-talet. I fjor gav dei ut 35 bøker for barn og ungdom, av desse var 26 heilt nye. Ho meiner barnelitteraturen generelt vert tatt meir på alvor no enn han vart på 90-talet, då NBI byrja målingane sine.

– Både bokmeldingar og forskning på barnelitteratur har vorte mykje betre dei siste åra. Innan forskning har det vore ei veldig utvikling, og faget har meir status no.

FORFATTARSTUDIUM

Tilfanget av barnebokforfattarar er også godt, meiner Stokke og viser til at NBI sjølve har satsa på å utdanne barnebokforfattarar. Organisasjonen starta opp ei forfattarutdanning som eit prøveprosjekt i 2006, og no tar dei inn 12 forfattarar årleg til eit toårs deltidsstudium. Samlaget har sjølve fått forfattarar frå studiet.



BARNEBØKER: I 2009 kom det ut til saman 84 nyskrivne barnebøker på nynorsk. 31 av desse er omsette nye bøker. (Foto: Toyni Tobekk)

Teknologien riv språkbarrierane

Snart kan telefonen din omsetje samtalen din mens du snakkar. Det opnar for nye bruksområde for dei smale språka, seier framtidssforskar.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Teknologiske nyvinningar er med på å bryte ned barrierar og gjer utryddingstruga språk mindre truga, seier framtidssforskar Klaus Mogensen ved Copenhagen Institute for Futures Studies i København.

TELEFON

Den konkrete teknologien han snakkar om her, er ein applikasjon til mobiltelefonar som kan omsetje ein samtale frå engelsk til norsk. Applikasjonen er snart klar for Google Android-telefonar, men i første omgang er det nok dei store språka som engelsk og spansk som blir tilgjengelege.

– Når vi kan bruke telefonen til å omsetje til fleire språk, så vil vi kunne bruke dei smale språka meir. Posisjonen deira blir ikkje lenger så truga, seier Mogensen.

OMSETJING

Det har skjedd mykje på området automatisk omsetjing av språk på datamaskinar dei siste åra, og Mogensen peiker på at tenester som Google Oversett, som set om nettsider til meir enn 50 språk, stadig blir betre og betre.

– Google Oversett er ikkje perfekt, men slike tenester er brukarstyrte. Jo fleire som brukar det, jo fyldigare blir tenesta.

Klaus Mogensen er framtidssforskar og forfattar. Han jobbar også med kva potensial teknologi har, og kva teknologi har å seie for samfunnet og måten vi lever på. For tida jobbar han med ein studie om anarconomy, om korleis nettverkssamfunnet i stigande grad utfordrar tradisjonelle forretningsmodellar. Korleis snakkar vi saman i framtida? er temaet for foredraget som han skal halde på LNK sitt landsting i april.

FORSKAR: *Automatisk omsetjing kan gi eit løft for smale språk, meiner framtidssforskar Klaus Mogensen.*



Nytt styre

Styreleiar Jan Magne Dahle i LNK tar ikkje attval og gir seg i LNK-styret etter landstinget. Dahle har sitte i styret i LNK sidan 2003 og vore leiar like lenge. Astrid Myran

Aarvik er innstilt som ny leiar. Med seg i styret får ho Solfrid Borge, Rune Øygard, Laura Seltveit og Gunnar Strøm (ny).

Gir ut målpris

Under landstinget til LNK i april vil det som alltid bli delt ut ein pris for god offentleg målbruk. Målprisen kan gå til ei offentleg verksemd som har arbeidd for å fremje nynorsk språk, men han kan også gå til einskildpersonar som er markerte nynorskbrukarar i det offentlege rommet.

Den første prisen vart delt ut i 1993.

Prisen har tidlegare gått til Ullensvang herad, Vågå reiselivslag, Fylkesmannen i Rogaland, Odd Nordstoga, Lotteritilsynet, Peer Gynt-spelet og Hordaland Teater. Prisen for dette året vart delt ut torsdag 28. april.

Landstinget 2011

SAND I SULDAL 27. - 29. APRIL

Tema: Språk i Europa,
Barne- og ungdomslitteratur, Diktarvegen
Meir informasjon på www.LNK.no

- for deg som meiner noko

MAGASINETT

Eit stimulerande nettmagasin for elevar på ungdomstrinnet og i den vidaregåande skolen – på nynorsk!

www.magasinett.no


Nett det du treng på nettet?

NO OG MED EIGA
HANDBOK
FOR LÆRAREN!

MOT TIL Å MEINA

57 prosent av dei unge under 26 år meiner dei ikkje blir høyrte og ikkje får vera med bestemma.*

ER DET PÅSS TIL UNGE UNDER 26 ÅR I FORMANNSKAPET DITTI?




KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTET

I samarbeid med Kommunal- og regionaldepartementet gjennomfører kommunane Hjelmland, Sauda og Time eit pilotprosjekt retta mot personar under 26 år. Målet er å auka det politiske engasjement blant unge og stimulera til å få fleire unge med i folkevald arbeid og ved valurnene.

Sjå garborg.no og magasinet.no

* Nasjonal kartlegging av unge under 26 år



EUROPEISK: Å ha to eller fleire språk i landet er ganske vanleg i Europa, seier Sigve Gramstad (Foto: Privat)

Blir meir kompetente av fleire språk

Når vaksne seier at barn må sleppe å lære både bokmål og nynorsk fordi dei blir forvirra av å lære to språk, så er det ikkje fagleg hald i det argumentet.

TOYNI TOBEKK
toynt@norsk-plan.no

Det seier Sigve Gramstad, leiar for Statsarkivet i Stavanger og forfattar av boka Minoritetsspråk i Europa.

– Hjernen har ikkje så avgrensa kapasitet at vi ikkje kan putte inn meir. Snarare er det slik at når vi har lært to språk, så lærer vi eit tredje enno raskare og lettare.

Argumentet hans byggjer på forskning på fleirspråklegheit i Europa, og resultatane er eintydige: Ved å lære to språk aukar språkkompetansen vår og evna til å lære fleire språk monaleg.

– Verdien av å vere fleirspråkleg er vel omtykt i Europa, seier Gramstad. – EU sin

trespråksstrategi har til dømes som mål at alle EU-borgarar skal kunne tre språk.

Gramstad skal innleie om språk i Europa under landstinget til LNK i april. Han viser til at det er fleire parallellar, men òg ulikskapar, å vise til viss ein skal stille norsk språk og språkpolitikk opp mot den europeiske. Mellom anna er ikkje den norske språkstoda med to sidestilte språk noko unikt eller særskilt. Faktisk er Island det einaste landet i Europa som berre har eitt språk. Alle andre land har to eller fleire språk som meir eller mindre liknar på kvarandre.

– Men nynorsk og bokmål er så like på ein annan, dei er vel meir to former av same språk?

– Det er mange språk som er like, men som likevel er godkjende som individuelle språk. Ta til dømes engelsk og skotsk eller katalansk og spansk. På Balkan har vi mange døme på dette, med serbisk, kroatisk og bosnisk som tre svært like språk, seier Gramstad.

– Det norske språkmangfaldet er ikkje så spesielt, det er normalt å ha fleire språk i eit land.

Litteraturhus i vestlandshovudstaden?



NØYTRAL: Dagleg leiar i Norsk Forfattarsentrum, Sissel Kristoffersen. (Foto: Brit Aksnes)



POSITIV: Forfatter Helga Gunerius Eriksen ynskjer litteraturhuset velkomne. (Foto: Brit Aksnes)



SKISSE: Slik ser reklamebyrået Reaktor for seg det ferdige huset.

Brått skal «alle» ha eit litteraturhus. Det starta med Oslo, som opna dørene for fyrste gong hausten 2007 etter ein tysk modell. Så bør ein då vera nøgde med at litteratur har vorte så populært, eller? Det planlagde litteraturhuset i Bergen får fram sterke meininger både for og imot.

BRIT AKSNES
bladstova@lnk.no

Dei fyrste framlegga om litteraturhus i Bergen kom gjennom eit oppslag i BT november 2008, og primus motor var Kristin Helle-Valle. Forslaget vart teke i mot med stormande jubel frå både forfattarar og innbyggjarar elles. Så stilna det eit par år, før den varme fönvinden gjekk over til vekslende lufttemperatur med både kalde og til dels stormfulle drag. Helle-Valle har ikkje i stor grad kome med nye opplysningar. Forfattar Tomas Espedal og BA-bladfyk Erling Gjelsvik har kanskje vore tydelegast i angrep, med eit og anna tilrop frå sidelinja i form av Ketil Bjørnstad og Anders Heger, som irriterer seg over bergensarrogansen.

Utgangspunktet for gaulinga har vore i kva grad Helle-Valle er rette person til å leia prosjektet, og om ein treng litteraturhus når Bergen Offentlege Bibliotek har vore litteraturen sitt hus sidan 1872.

PENGAR PÅ BOK

Kultur- og debattredaktør i Bergens Tidende, Hilde Sandvik, var tidleg på bana som pådrivar for litteraturhus. Også ho stiller spørsmål om kva som no skal skje.

– Eg skulle ynskja at styret og Helle-Valle

kunne koma med tydelegare innspel om kva ein faktisk skal ha inn i det komande huset. Kven skal laga program? Kva samarbeidspartnarar vil LiB ha inn?

Styremedlem i stiftinga Litteraturhuset i Bergen, forfattar Gunnar Staalesen, har høyrte kritikken før.

– Problemet er at utan midlar så kan ein ikkje planleggja konkrete tiltak. Det er inne fleire søknader som me ventar på tilbakemelding om. Trond Mohn sitt bidrag på 10 millionar kroner gjer klart at ein ser meir positivt på det, men me bør helst ha stat og fylke med på laget om det skal kunna realiserast, seier Staalesen. Han seier det er beklageleg at det har vorte såpass sterkt personfokus, og meiner at utan Helle-Valle hadde ein sannsynlegvis ikkje eingong hatt noko litteraturhus å diskutera.

– Og så må folk vera klar over at Helle-Valle er inne som leiar for forprosjektet, jobben som leiar for sjølve litteraturhuset vert etter alt å døma lyst ut som åremålsstilling når den tid kjem, men det er klart at ho stiller som ein sterk kandidat.

GJER DØRI HØG ...

Fleire spør seg om kva takhøgde ein skal leggja opp til. Espedal er redd det blir for mykje «kulturmeneske», eit omgrep som mange har ergra seg over. Hilde Sandvik meiner det er urealistisk å skulle avgrensa målgruppa. I ein kommentar i BT peikar ho på at ein lyt passa seg for å bli for ekskluderande, særleg i ein såpass liten by som Bergen, men det er klart at utan dei skrivande i ryggen, så blir det eit fattig litteraturhus. Norsk Forfattarsentrum har vore aktuell som ein naturleg leigetakar. Dei representerer gruppa som no tek til orde for det som kanskje vert deira viktigaste framtidige tumleplass.

– Norsk Forfattarsentrum som medlemsforeining er nøytral, så eg kan ikkje snakka på vegner av forfattarane som gruppe, seier dagleg leiar Sissel Kristensen. Ho har likevel ein del punkt som vil vera

avgjerande for om dei vil flytta frå dagens lokale på USF Verftet.

– Det er klart at me lyt tenkja økonomi her. Det gjeld ikkje berre husleiga for oss, men òg kor dyrt det blir for arrangørar å ta i bruk fasilitetane på huset. Det må vera høg aktivitet i eit hus som set seg føre å vera representant for litteratur i ein by som Bergen. Om det blir i Østre Skostredet, som ein hovudsakleg har snakka om, så er ikkje det så nøye. Men ein må ikkje misforstå: dei fleste forfattarane stiller seg framleis positive til huset, seier Kristensen.

SÅ KVA MEINAR FORFATTARANE?

Det florerer av forfattarar og forfattarspirer i vestlandsbyen, og meiningane er ditto fordelt. Nemnde Espedal og Gjelsvik har vore tydeleg framme som kritikarar, noko som får ein til å tenkja at det kanskje er unison motstand ute og går. Så einssidig er det altså ikkje. Ein av dei som er klart positive, er forfattar Helga Gunerius Eriksen.

– Mange av oss gler oss over tanken på å få ein felles arena og vårt «eige» hus i Bergen. Eg skal ikkje snakka for kvar og ein, men mi meining er at eg vil ha eit allsidig hus, eit hus som er breitt og smalt, men ikkje nødvendigvis på same tid. Skuleelevar vil ha andre føresetnadar for å oppfatta litteratur enn eksperimentelle poetar –

alle må kunna bli møtte med opne armar! Med tanke på Gjelsvik sitt innspel om at biblioteket allereie er byens litteraturhus, så meiner eg dette blir to forskjellige arenaer. I biblioteket går eg oftast åleine for å vera stille, til litteraturhuset kan folk gå saman for å høyra folk lesa høgt eller sjølv diskutera høglydt, seier Eriksen.

Ho er òg oppteken av at dette kan vera ein sjanse til å gje litteraturen fleire ansikt. Om biblioteket er arkivet og bokhandelen business-sida, så er litteraturhuset møteplassen. Som nynorskforfattar er ho ikkje det minste uroleg for bruk av målform.

– Nokre av Noregs mest profilerte forfattarar skriv på nynorsk og bur i Bergen. Jon Fosse, Frode Grytten, Gunhild Øyehaug, Olaug Nilssen – lista er lang. Dei kjem ikkje til å kunna oversjå dette når det gjeld bruken av nynorsk og bokmål. Dette blir naturleg 50/50, spår Eriksen.

Så mens meiningane fyk over kaféborda, eteren og avissidene, så avventar alle, både forkjemparar og motstandarar, Helle-Valle og styret for stiftinga, på at pengegaloppen skal ta til og avgjera om vestlandshovudstaden snart kan opna dørene til den litterære storstova.

På toppen

– For meg er det viktig at nynorsk ikkje vert eit mål til bruk berre i poesi og 17-maitalar, seier Astrid Myran Aarvik (57). No er ho innstilt som ny styreleiar i LNK.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR

judith@norsk-plan.no

Opphavleg er ho frå Vinje i Telemark. Det kan ein framleis høyre.

– Eg har budd utanfor Vinje i 45 år, og snakkar slik dei gjorde der på 60-talet. Eg har ikkje fått med meg endringane som naturleg endrar ein dialekt over tid.

Men språket og nynorsken er framleis viktige for henne. På landstinget til LNK i april blir Astrid Myran Aarvik truleg vald til ny styreleiar i språkorganisasjonen, noko ho sjølv meiner er ei ære.

– Eg ser det som ei ære å bli spurt om å stille som leiar i ein så viktig organisasjon. Jan Magne Dahle har gjort ein svært god jobb som leiar, og det blir utfordrande å ta over etter han, seier ho bestemt. LNK er uansett ein organisasjon ho kjenner godt sidan ho dei siste åra har vore nestleiar der.

Det kan sjå ut som at kulturleiaren i Lærdal kommune verken syter med store oppgåver eller lange vegar. Til dagleg er ho vekependlar mellom Askøy i Hordaland og Lærdal i Sogn og Fjordane.

– Eg køyrer heimanfrå grytidleg måndag morgon og set kursen vestover att til helga. No ser eg fram til vår og turte vegar. Det har vore mange tøffe turar på is og snøføre i vinter.

– Men eg er privilegert som arbeider med kultur. Svært få dagar er like, og oppgåvene er spanande og varierte.

Til kulturleiarjobben høyrer kunst, kino, teater, bibliotek, lag og organisasjonar, og i tillegg ungdomsklubb, kulturvern og Lærdalsmarknaden.

– Svært få dagar går forbi som grå og kjedelege, slår ho fast.

No framover er opninga av Sogn Kunstsenter den største oppgåva. Lærdal kommune fekk i 1994 ei eineståande kunstgåve på vel 1500 kunstverk frå den lokale kunstnaren Hans Gjesme (1904–1994). Samlinga omfattar måleri, grafikk, teikningar og skulpturar. Gjesmegalleriet, som no er ein del av stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum, opna i Telegrafan på Lærdalsøyri tre år etter. I 1999 inngjekk Lærdal kommune eit samarbeid med Astrup Fearnley Museet for Moderne Kunst. I fem sesongar har det kjende kunstmuseet hatt gjesteutstillingar i Gjesmegalleriet, og i fleire år har det vorte arbeidd med å få nye, større og brannsikre gallerilokale.

– I 2004 vedtok Lærdal kommune oppstart av forprosjekt, og året etter innbaud kommunen til open arkitektkonkurranse. Det tyske arkitektkontoret brethdelacalle vann konkurransen. Det nye Sogn Kunstsenter vert bygd i tilknytning til Norsk Villakssenter og Lærdal kulturhus og vert eit fantastisk bygg til magasin og utstilling av kunst, fortel Myran Aarvik.

Lærdal kommune ligg sentralt mellom Bergen og Oslo og har til alle tider vore eit samferdsleknutepunkt. Av dei mest kjende reisemåla er Borgund stavkyrkje og Gamle Lærdalsøyri, og mange av dei historiske vegane er mykje nytta turvegar. Nærøyfjorden har fått UNESCO-status som verdsarv, og National Geographic Magazine har kåra fjordane til det beste reisemålet i verda.

– Lærdølene har tradisjon for å vere gjestfrie. Vestlandet er jo attraktivt i seg sjølv. Me har fantastiske naturlege kulisser i fjord og fjell. Utfordringane er korleis me skal tene pengar på at turistane kjem for å oppleve dette, seier Astrid, som også sit i styret til Reisemål Årdal.

– Vi legg også mykje arbeid ned i å utvide sesongen. Dei fleste tilreisande vel å koma til Vestlandet om sommaren, og me må utvikle produkt som trekkjer vinterturistar.

– *Kva blir LNK sine viktigaste saker no framover?*

– LNK er ein medlemsorganisasjon, og det viktigaste arbeidet er å leggje til rette for at medlemmane kan vera aktive nynorskbrukarar. Me må arbeide for at nynorsk skal vere eit jamstilt bruksspråk i alle deler av det offentlege. Me ser at bynære område slit med å halde på nynorsken i skulane, og på mange stadar der dei tidlegare har lange tradisjonar for nynorsk, har dei no folkerøystingar om kva som skal vere hovudmålet.

Aarvik understrekar at det må vere naturleg å lytte og lese nynorsk i fag og administrasjon, og ikkje berre i poesi og 17-maitalar, som ho seier.

– Dess meir nynorsk me les og høyrer, dess meir naturleg glir det inn i det daglege. Barn og unge må få det med seg i kvardagen gjennom offentleg bruk av målet. Me blir påverka gjennom det offentlege språket, og det glir etter kvart inn i daglegspråket vårt.

Sjølv har ho vesttelemålet og nynorsken i ryggraden.

– Eg er stolt av målet mitt. Det er ein del av meg som person og av identiteten min. Skriftspråket mitt er kjenneteikna av konservativ nynorsk. Eg prøver å skrivje slik at det kjem så nær talemålet som råd. Eg tykkjer det er rett for meg.

Ho brenn for at tilsette i nynorsk kommunar skal bli tryggare på språket sitt, og hennar eigen organisasjon har då også gått ut med tilbod om gratis språkkurs til medlemskommunane.

– Fyrst og fremst er det viktig at tilsette får prenta inn at målet deira ikkje er mindre verdt enn bokmålet. Ein må terpe det oppatt og oppatt at det må vera likestilling mellom målformene. LNK tilbyr også kurs for offentlege tilsette. Dess meir ein lærer, dess tryggare kjenner ein seg. Ho meiner å sjå ein oppsving i deler av næringslivet der fleire vel å profilere seg på dialekt og nynorsk. Då er det naturleg å trekkje fram Sogndal Fotball, som brukar nynorsk aktivt i marknadsføringa.

– Eg har trua på at det vert meir av dette. Eg trur denne trenden vil halde fram, og at nynorsken vil bli nytta av generasjonar etter oss også.

Men ho er ikkje berre vekependlar, kulturarbeidar og nynorskmenneske. Ho er også kone og mor. Då dette intervjuet var på trappene, gjekk ho rundt og venta på å bli bestemor igjen. Fotograferinga måtte skje raskt, for når telefonen kom frå Porsgrunn, ville ho ta ut så snart som mogleg.

– *Korleis ser ein heilt vanleg søndag ut heime hjå deg?*

– Søndag er å giera noko anna enn det me har tid til elles i veka. Vanlegvis byrjar dagen med at mannen min og eg et frukost medan me høyrer på songtimen på P1. Det er ein roleg og god start.

Eg trivst elles godt med å bruke søndagar til å bake eller ta meg av andre huslege syslar. Med hybelliv på vekedagane set ein pris på å bruke tid i eige hus. Om sommaren prøver me å halde hagen i orden. Svært ofte et me middag saman med barn og barnebarn. Det er noko me ser fram til.

SJØLVMELDING

Alder:	57
Bur:	Hetlevik på Askøy
Sivil status:	Gift med Per Wilhelm, mor til Marianne og Cathrine, bestemor til Marie
Aktuell:	Innstilt som ny leiar til LNK
Les:	Eg held på med ein mastergrad i offentleg leiing ved sida av jobben. Det meste av det eg les no, inngår i pensum. Elles er eg glad i lese aviser. Eg ser fram til ei god krimbok i påska. NRK P1 og P2
Høyrer på:	Eg beundrar sterke, modige kvardagskvinner. Dei som ser ut som dei har tid til alt. I tillegg til arbeid og familie engasjerer dei seg i ulike delar av samfunnet og gjev av seg sjølv.
Førebilete:	



Foto: Anne Jo Cecilie Naomi Schröder Lexander.

– Treng ikkje vere så staselege

Andrea Sande og Thomas Tjeltveit meiner politikarane må snakke slik at ungdommane forstår dei.

ELIN MOEN KARLSEN
elin@norsk-plan.no

Sande og Tjeltveit var på Mot til å meina-konferansen *Snakk med oss - då gidde me kanskje stemma* i Oslo 10. og 11. mars. Sande har vore med i ungdomsrådet i tre år og er på Mot til å meina-konferanse for første gong.

– Det som har vore mest lærerikt, var når dei unge snakka, og eg likte også å høyre på Per Inge (Torkelsen, red. merk.). Dei snakkar på ein måte som gjer det lettare å forstå og høyre etter, seier Andrea Sande (17).

– Mange politikarar snakkar slik at det høyrer så flott ut, men for å nå fram til ungdom treng dei ikkje vere så staselege, held ho fram.

Ho ønskjer seg klarare tale frå politikarane, også dei lokale. Dette gjeld då mellom anna Håkon Helgøy, som sit i Hjelmeland kommunestyre for KrF. Han er også deltakar på valkonferansen i Oslo.

– Eg har blitt inspirert til å prøve å nå endå lenger ut og få dei unge med etter denne konferansen, seier KrF-politikaren.

Det første som lokallaget nå må få til, er ei eiga Facebook-side.

– Det har eg forstått at vi må ha for å nå betre ut til ungdommane, så det skal vi få på plass, slår Helgøy fast.



PÅ KONFERANSE: Håkon Helgøy (frå venstre), Thomas Tjeltveit og Andrea Sande lærte alle noko under Mot til å meina-konferansen i Oslo. (Foto: Elin Moen Karlsen)

DIKTARVEGEN

31.5. – 5.6. 2011

– TUR LANGS TRE NASJONALE TURISTVEGAR:
GJENNOM RYFYLKE, HARDANGER OG OVER GAULARFJELL

Turen går med buss over Jæren, gjennom Ryfylke, Hardanger og Voss heilt fram til Sogn og Sunnfjord og attende til Sauda/Sand.

På vegen vitjar me heimtraktene til **Arne Garborg, Rasmus Løland, Olav H. Hauge, Per Sivle** og **Jakob Sande**.

Pris: kr. 9900 som inkluderer buss, hotellopphald i dobbeltrom, frokost, lunsj og middag, og kulturarrangement undervegs.

Påmelding til Marny Skeie Henkel,
marny@nashornet.no
eller på tlf. **957 22 592** så raskt du kan,
seinast **innan 15. april**.



Meir informasjon: www.diktarvegen.no og www.nashornet.no

Med forfatter og Lølandbiograf
Ernst Berge Drange
som forteljande reisefylje

Påmelding til Marny Skeie Henkel,
marny@nashornet.no eller tlf. **957 22 592** innan **1. mai**.



6.10. – 13.10. 2011

I fotefara av

RASMUS LØLAND

Turen går med fly frå Stavanger/Oslo til Berlin med retur frå München ei veke seinare. Opplev kunstnarbyen Berlin, deretter to dagar i Rüdeshheim og dei siste dagane i Hall i Austerrike. Fokus på moderne barnelitteratur, ein arv frå Løland og Norsk Barneblad.

Pris: 14 800 som inkluderer flyreise med skattar og avgifter, transport, hotellopphald (dobbeltrom) m. frukost, alle utflukter, forelesingar og forteljarforestillingar undervegs. Eit felles måltid tildagen samt lunsj i Rüdeshheim og siste dagen. Ikkje inkludert er drikke til maten.

RASMUS LØLAND-MARKERINGA 2007 - 2011



ABC
Startsida

SpareBank 1 SR-Bank

Hjonesunds Avis

UNDRANDE
OG SKAPANDE

Skal nå ungdommane via Facebook

Elise Heng Steen og Elise Løland i kjernegruppa Mot til å meina har saman med idéentreprenøren Melvær & Lien utarbeidd Førstevalget.no. Dette er ein Facebook-basert kampanje som skal få fleire ungdommar til å røyste.

FACEBOOK: Elise Heng Steen (til høgre) og Elise Løland i Mot til å meina-gruppa kunne fortelje at dei er lettast å nå via Facebook, og derfor har dei vore med på å lage ein kampanje basert på nettopp dette sosiale mediet. (Foto: Elin Moen Karlsen)



ELIN MOEN KARLSEN
elin@norsk-plan.no

–Vi må gjere det å røyste til ein vane tidleg, og då nyttar det ikkje å bruke tradisjonelle reklamekampanjar, seier Elise Heng Steen under presentasjonen av kampanjen Førstevalget.no.

– Slike kampanjar har vi lært oss å ignorere, held Elise Løland fram.

POLITIKK

Heng Steen seier vidare at ungdommar har ei meining om dei fleste saker, men at dei ikkje alltid kjem på at dette også er ei form for politikk.

– Viss vi er så interesserte og engasjerte, kvifor røyster vi då ikkje, spør ho.

– Vi tenkjer at det ikkje angår meg, eg skal likevel flytte frå kommunen, vi forstår ikkje kva politikarane snakkar om, seier Løland.

– Vi kan for lite om dei politiske partia, skiljelinjene er ikkje store. Vi tenkjer at politikk er noko som skjer på Dagsrevyen, og det programmet ser vi ikkje på, held Heng Steen fram.

Men på Facebook er dei. Ofte.

– Det første eg gjer om morgonen, er å gå inn på Facebook, og det er også det siste eg gjer før eg sovnar. Det er berre slik det er, fortel Heng Steen.

Ho kan vidare fortelje at 70 prosent av aldersgruppa som Mot til å meina rettar seg mot, er på Facebook.

– Vi må bruke Facebook til noko positivt. Informasjon spreier seg lett på Facebook gjennom lenkjer lagt ut av venner, slår Elise Løland fast.

– Vi stoler meir på vennene våre enn på reklamekampanjar, legg Elise Heng Steen til.

FØRSTEVALGET.NO

Den Facebook-baserte kampanjen Førstevalget.no blei presentert på Mot til å meina sin valkonferanse på Bondeheimen i Oslo 10. og 11. mars. Melvær & Lien har fått klarsignal frå Facebook til å bruke det sosiale mediet til å spreie kampanjen.

– Facebook er motoren, men kampanjen har ei eiga heimeside, som blir Førstevalget.no. På denne sida kan du sjå korleis stoda er i kommunen din, du kan sjølv vere med og røyste og sjå på kva som har skjedd tidlegare, og kva trend som er gjeldande, fortel Terje Klarp Solvang, som er administrerande direktør for idéentreprenørselskapet.

Førstevalget.no skal samarbeide med Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU) sin kampanje stem1209.no. Dei har også fått i stand eit samarbeid med ungdomspartia.

– Ungdomspartia skal fylle sidene med innhald. Ungdom snakkar best til ungdom, slår Klarp Solvang fast. Frå mai til august skal ungdomspartia jobbe med korleis dei skal fylle sidene. 1. august set kampanjen i gang ved at sida blir open for alle.

– Denne kampanjen kjem til å ha ein såkalla viral effekt utan kommunegrensar. Den virale effekten går ut på at ungdommane ser kva vennene gjer på Facebook, og så gjer dei det same, fortel Silje Herget. Ho er tekstforfattar og rådgjevar i Melvær & Lien.

Mot nye mål

11.500* unike brukarar
169.000* sidevisingar i veka
Oppdatert kvar dag

24.000** lesarar
måndag tysdag onsdag
torsdag fredag

= større dekning



...kommune er i
...situasjon at for å
...nye ting, må ta
...na. Dette skjedde
...te kommentar
...apsrapporter for
...Han peikar på at
...ske analyse, for
...ner at pressefor
...te tenestendrar
...vesteringsnivå
...er i
...m fører til at det
...amt, og prioritas
...Sveio kommune i
...ert mykje. Dette g
...nskeleg å gjeja
...vester eller a
...ter
...hanfor dei rammer
...er tildelt utan at
...era vekk andre tem
...rapporten er på
...n rapporten er i
...grunn til ure. Båd
...for halda fram med
...sett i gang etter
...ten og følg opp
...erlegare tilta
...Mellom det må
...p til, er ein total gje
...alle tenesteinngi
...på å få fram ans
...sial. I dette boei
...na retta sa
...ngar som har
...eskskapsutv
...n vil og kart
...ja
...på ein gang
...aka omstill
...å sjå til at de
...rdning av ledige s
...ysing av desse.
...erne delegasjons
...al gjennomgåst
...slell for tildelt g
...sar til skul
...beidet med a sk
...ministrativt ma
...på å frigje
...da fram.
...Det går vidare
...fr
...ppira at dette er
...ed sjølvstyrte
...ei
...nippet er at ein s
...g resultatet s
...annen er kom
...g, men den
...n totalt sett g
...ne
...krev enno
...kar
...iplin.
...Tala for først
...erforbruk på til
...llionar kroner. Ra
...barnehage har e
...k på 3,1
...ot
...na opp i 3,7
...so
...rt gjort konfir
...område helse o
...ner overforbruk p
...er vil kunna kon
...som det
...e
...dringar. På den an
...tteinnkom
...ka
...ste halvår.
...reskøyta «H
...i Fjeldroy
...n i
...04, men er snart
...no ikkje f
...ss kommun
...i
...ellom anna
...veng
...000 kroner
...te
...Saka har vore flei
...mmunen etter det
...vart vurdert auk
...ner. Eigaren
...vedtaket.
...nde difor sak
...ve
...nnen i vinter. De
...e månader i
...Be
...me fekk til svar i
...ne saka er
...n klageinstan
...n sjølv kan avgjer
...n dette med direk

Gir ut barnebok

Ungdomsbedrifta Froskeprinsen har laga barnebok om miljøvern.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Den digitale barneboka heiter *Froskeprinsen på reise*, og ho er laga av ei ungdomsbedrift med 11 elevar frå studiespesialisering med formgjeving på Mo og Jølster vidaregåande skule.

– Boka handlar om Froskeprinsen, som reiser ut i verda for å møte vennene sine. Vennene har vore ute for mange katastrofar på grunn av miljøet, og no må dei ordne opp, forklarar kundeansvarleg Karoline Vie.

Froskeprinsen er ei digital bok med lyd, bilete og litt tekst, som kan spelast av i DVD-spelar eller på PC. Bedrifta hadde litt erfaring med illustrasjon før dei sette i gong, men ikkje så mykje kunnskap om tekstformidling.

– Vi har hatt Janne Karin Støylen frå Nynorsk-senteret med oss som mentor. I tillegg har vi hatt besøk av illustratøren Anna Angelshaug, og vi har hatt hjelp av lærarane våre, seier Vie.

Boka er no lagd ut for sal på bedrifta si eiga heimeside og i ein leikebutikk i Førde. Vie håper dessutan at dei snart skal ha ein avtale på plass med Statoil og Coop lokalt. Karoline Vie fortel at det har vore ein lang og lærerik prosess å gje ut ei bok.

– Det er mykje arbeid å gje ut bok, og vi har gjort alt sjølv, seier ho. Arbeidet har lønt seg. Nyleg fekk Froskeprinsen UB førstepris for beste produkt på fylkesmessa for ungdomsbedrifter i Sogndal. I tillegg vart dei nest best i klassen for design. Det var ei fin oppleving, seier Vie.



BARNEBOK: Ungdomsbedrifta Froskeprinsen gir ut digital barnebok på nynorsk. (Foto: Kari Eikås)



LANDSTINGET 2011

Sand i Suldal • 27. – 29. april

Konferansen er eit samarbeid mellom LNK, IS Fjordvegen og Rasmus Løland - markeringa

Tema under konferansen er:

Språk i Europa • Barne- og ungdomslitteratur • Diktarvegen

Tema vert belyste gjennom føredrag, debattar og kulturinnslag

Mellom deltakarane finn du:

**Magnhild Meltveit Kleppa • Hilde Sandvik • Ottar Grepstad
Svein Arne Tinnesand • Herborg Kråkevik • Inger Bråtveit • Tindra
Valkyrien Allstars • Knut Vareide • Jostein Soland • Claus Mogensen**

Påmelding til: landstinget@LNK.no

Telefon 52 79 04 80 • Telefaks 52 79 04 81


Meir informasjon og fullt program: www.LNK.no



Sandøy inn i LNK

Sandøy kommune melder seg no inn i LNK. – LNK har ein god del faglege tilbod som me kan nyte godt av, seier rådmann Lasse Larsson Fjørtoft.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no



Rådmann Lasse Larsson Fjørtoft.
(Foto: Privat)

Sandøy har lang historie som ein bevisst nynorskkommune. Rådmann Fjørtoft meiner difor det er på høg tid dei også blir medlem i LNK.

– Det er viktig for oss å pusse støv av signaleffekten som eit medlemskap kan gi både innanfor organisasjonen og overfor omverda. Me har nynorsk som opplæringspråk og administrasjonspråk i kommunen, men me opplever også eit trykk frå bokmål. Mange av ungdommane våre vel bokmål når dei går frå ungdomsskulen og over til vidaregåande.

– Så dette handlar også om å gi ungdommane våre ein god språkleg ballast, slår han fast.

Han viser til at kommunen heile tida må jobbe med språk og vere bevisste på at dei er ein nynorskkommune.

– Den språklege profilen vår gjer seg ikkje sjølv. Dette handlar i tillegg om at nynorsk er det skriftsspråket som ligg tettast opp mot talemålet vårt.



VAKKER: Langfoss i Etne er kåra til éin av dei vakraste fossane i verda.
(Foto: Erik Kvalheim / Etne kommune)

Langfoss mellom dei vakraste fossane i verda

CNN har kåra Langfoss i Etne til éin av dei finaste fossane i verda, fortel Samarbeidsrådet for Sunnhordland.

Samarbeidsrådet meiner det er stor stas for regionen å ha ein foss i same klasse som Gullfoss på Island, Viktoria-

falla i Afrika og Niagarafossen i Nord-Amerika. – Dette stadfestar at attraksjonar i Sunnhordland er i verdsklasse som turismål, seier reiselivsansvarleg i Samarbeidsrådet for Sunnhordland, Linn Therese Vinje. (©NPK)

MOT TIL Å MEINA

60 prosent av elevane i den vidaregåande skulen ynskjer å snakka meir med politikarane og andre som bestemmer i samfunnet.*

KVA TID MØTTE PARTIET DITT PÅ EINE SKULE?

I samarbeid med Kommunal- og regionaldepartementet gjennomfører kommunane Hjelmeland, Sauda og Time eit pilotprosjekt retta mot personar under 26 år. Målet er å auka det politiske engasjement blant unge og stimulera til å få fleire unge med i folkevald arbeid og ved valurnene.

Sjå garborg.no og magasinett.no

* Kartlegging ved tre vidaregåande skular i Rogaland



Torkel Myklebust (Sp) er ordfører i Suldal kommune.

Kommunestyret i Suldal har 25 representantar: Sp (7), Ap (5), KrF (4), SV (3), Frp (2), Uavhengige (2), Høgre (1) og Venstre (1).

1. januar 2011 hadde kommunen 3850 innbyggjarar. Kommunen ligg i indre Ryfylke i Rogaland. Kommunesenteret heiter Sand. Suldal kommune består av dei sju gamle skulekrinsane og bygdene Sand, Suldalsosen, Jelsa, Ropeidhalvøya, Vanvik, Erfjord og Nesflaten.

Kommunen er den største kommunen i Rogaland når det gjeld utstrekning, med 1736 kvadratkilometer. Landskapet strekkjer seg frå kyst- og fjordlandskap til dalføre, skogar og urørte fjellområde.

Suldal kommune grensar til Sauda, Etne og Odda i nord, til Vinje og Bykle i aust, til Hjelmeland i sør og til Vindafjord i vest. På den andre sida av fjorden ligg Finnøy og Tysvær kommunar.

Kjelder: SSB, Wikipedia, Suldal kommune sine nettsider og Store norske leksikon



ORDFØRAREN OM:

Folketalet:

Ei av dei største utfordringane våre er nedgang i folketalet. Sjølv om det har flata ut dei siste tre åra og det har kome ein liten oppgang, må vi jobbe på alle frontar for å sikre at vi ikkje får meir nedgang.

Sosiale medium:

Vi har ei heimeside som eg er nøgd med, og vi har også ei gruppe på Facebook, som eg redigerer, som nå har 767 medlemmer.

Kommunesamanslåing:

Vi er medlem i Ryfylke IKS, og bestilte ei utgreiing frå Telemarksforsking om fordelar og ulemper ved kommunesamanslåing, som vi fekk nå i januar. Per i dag er folk i indre Ryfylke godt nøgde med dei kommunegrensene vi har, men dei politiske signala vi får frå sentralt hald, gjer at vi må tenke gjennom alternativa.

Språk:

Vi er ein nynorsk-kommune og er opptekne av å vere det. Vi har nettopp refsa fylkesmannen fordi han ikkje skreiv til oss på nynorsk. Lølandsenteret, som skal bli eit senter for nynorsk barne- og ungdomskultur, viser også at vi jobbar for det nynorske språket.



INN I FRAMTIDA: Ordfører Torkel Myklebust ser ikkje for seg eit Suldal utan landbruk. (Foto: Judith S. Litlebamar)

Spent på landbruksmeldinga

Innhaldet i Landbruksmeldinga, som skal behandlast i Stortinget før sommaren, blir avgjerande for rundt 230 årsverk innan landbruk i Suldal kommune.

ELIN MOEN KARLSEN
elin@norsk-plan.no

– Eg kan ikkje sjå for meg eit Suldal utan landbruk, det er framleis den viktigaste næringa vi har. Landbruket betyr mykje for både sysselsetjing og busetnad i bygdene våre, slår Suldals-ordførar Torkel Myklebust (Sp) fast.

– Som i resten av landbruket har det også i Suldal vore ein sterk reduksjon i talet på mjølkeprodusentar. Desse produsentane er berejleken i landbruket vårt. Lokalt er politikarane opptekne av landbruket, og vi har ein eigen aksjonsplan og eigne støt-teordningar, men vi er avhengige av staten. Eg er spent på landbruksmeldinga som kjem nå, og håpar på eit lyft i inntektene for bøndene i Noreg og i Suldal, held han fram.

I tillegg til å vere ein landbrukskommune er Suldal også ein kraftkommune. På 60-talet blei Røldal og Suldal bygde ut, og på 70-talet starta arbeidet med Ulla-Førre. I tillegg har kommunen rundt 30 småkraftverk. Småkraftverka i Suldal produserer aleine meir straum enn det heile kommunen bruker, og sender straum ut til andre delar av landet. Totalt produserer kraftverka i Suldal mellom sju og åtte prosent av den samla vasskrafta i Noreg.

RIK KOMMUNE

– Vi er ein av dei rikaste kraftkommunane i landet, men kraftinntektene er innretta på ein slik måte at dei ikkje stig i takt med inntektene elles i samfunnet. Vi har nådd taket kva gjeld eigedomsskatt, og med ein kommune som er stor i utstrekning, med mange bygder og ein desentralisert struktur, bruker vi mykje pengar på drifta av Suldal kommune, forklarar Suldals-ordføraren.

– I løpet av denne kommunestyreperioden vedtok vi at vi skulle senke drifts-utgiftene med 30 millionar kroner, og det har vore ei vanskeleg sak å gjennomføre, fortset han.

Han nemner sentralisering av ungdomsskulane som eitt av innsparingstiltaka. Suldal kommune har sju skulekrinsar.

– Dei store avstandane er ei utfordring for oss. Nå har vi to ungdomsskular, og det fører til at ein del ungdommar har fått lang reisetid. Eg er likevel glad for at vi har fått til desse innsparingane. For ein ordfører er det eit viktig arbeid, men mange meiner det har ført til eit dårlegare tenestetilbod enn før, seier Sp-politikaren.

I tillegg til økonomi er kommunikasjon eit heitt tema i Suldal kommune.

– Vi har tre hovudveggar i Suldal kommune; riksveg 13, som er den aller viktigaste vegen, fylkesveg 46/520 mot Haugesund og sjøvegen. Desse jobbar vi heile tida med å gjere betre, for viss vi skal få fleire innbyggjarar, er gode og sikre kommunikasjonar viktig, seier Myklebust.

BETRE BREIBAND

Det er ikkje berre vegar som er viktige når det gjeld kommunikasjon.

– Vi har også ei utfordring i kommunen vår når det gjeld breiband og mobiltelefondekning. Kommunen har i samarbeid med e-verket lagt eit stamnett med fiber som dekkjer mellom 65 og 70 prosent av kommunen. Intensjonen er at det skal bli meir, fortel ordføraren.

Suldal kommune har gått inn med 11 millionar kroner dei siste åra i dette arbeidet, og Myklebust reknar med at dei må spytte inn nye millionar i åra som kjem.

– Når det gjeld mobiltelefondekning, så har vi mange område kor dette ikkje er tilfredsstillande. Vi samarbeider nå med Telenor om å få betre dekning i eit par område, men det står framleis att fleire område utan dekning, mellom anna langs riksveg 13, seier han.

Suldal kommune ligg høgt oppe når det gjeld KOSTRA-tal, spesielt innan kultur.

– Kommunen har satsa mykje på dette med kultur. Vi har eit flott kulturhus, Ryfylkemuseet har hovudsete i kommunesenteret, vi har aktive lag og foreiningar, og i tillegg satsar vi nå stort på barne- og ungdomskultur gjennom det planlagde Løland-senteret, seier Torkel Myklebust.

– Kultursenteret er ei viktig sak for oss. Allereie i april skal det opnast i Ryfylkemuseet. Det blir som ei førebels opning, som meir vil vise korleis vi tenkjer oss at eit slikt senter skal vere. Vi har fått inn ein merknad i statsbudsjettet om Lølandsenteret, og målet er at det skal endeleg inn i statsbudsjettet for 2012, sluttar Myklebust.

SAGT OM SULDAL:

– Suldalsongen er ei rar, vakker skyggevise fra ei bygd under et fjell med 4200 innbyggere.

NRK.no då Suldal vann kampen om den mest originale bygdevisa i landet

Siktar stadig høgare

Øyvind Marvik (37) og ToppVolley Norge er ikkje redde for å setje seg høge mål. Nå siktar dei seg inn mot høgskuleutdanning.

ELIN MOEN KARLSEN
elin@norsk-plan.no

Det begynte med ei nedleggingstruga avdeling av Sauda vidaregåande skule. I dag er avdelinga eit hovudsete for volleyball. Om ikkje lenge er det også eit hovudsete for sandvolleyball, og neste år kjem etter planen høgskuleutdanning på plass.

– Det er viktig at vi heile tida vågar å ta nye steg, men at den vidare satsinga ikkje går ut over kvaliteten på tilbodet, seier avdelingsleiar for ToppVolley Norge, Øyvind Marvik.

ToppVolley held til på Sand i Suldal kommune og er ein del av Sauda vidaregåande skule. I 2004 avgjorde Norges Volleyballforbund at det skulle opprettast ei volleyballlinje på Sand, og i mars same året blei linja presentert. I dag har avdelinga 72 elevar.

SPLISELAG FOR MILLIONHALLAR

I 2006 gjekk Suldal kommune, Rogaland fylkeskommune og volleyballforbundet saman om å byggje ein 900 kvadratmeter stor hall til 20 millionar kroner. I november i fjor grov Bjørn Maaseide ned grunnsteinen til sandvolleyhallen til 29 millionar kroner. Denne skal stå klar i løpet av sommaren. Det aller siste nye frå ToppVolley Norge er at Sauda vidaregåande skule prøver å få til eit samarbeid med Høgskulen i Telemark om å kunne tilby utdanning i idrett på høgskulenivå på Sand.

Etter planen skulle dette høgskulestudiet ha vore klart for studentar til hausten,

men det blei litt knapp tid til søknadsfristen, som er nå i april.

Marvik trur lokaliseringa av ToppVolley Norge har vore avgjerande for suksessen.

– Elevane kjem til oss frå heile landet. Det er første gong dei flyttar heimafrå, og for foreldra er det trygt og godt at skulen er i eit lite og oversiktleg samfunn. I ein storby hadde vi blitt usynlege. På ein stad som Sand sørgjer tilbodet vårt også for regionalutvikling, og det igjen betyr at vi får god og avgjerande støtte frå kommune, fylkeskommune, Statkraft i tillegg til andre lokale aktørar, slår avdelingsleiar fast.

STOR LOKAL ENTUSIASME

– Det var mange som såg gevinsten ved å leggje til rette for ToppVolley på Sand, og då blir entusiasmen større, held han fram. Sjølv er Marvik frå Sand, og dermed er også hans eigen entusiasme stor.

– Det er sabla spennande å jobbe med dette, samstundes som eg føler eit veldig ønske om å lukkast. Eg vil at tilbodet skal bidra til meir enn volleyball for bygda, seier 37-åringen. Han har vore involvert i ToppVolley Norge sidan oppstarten i 2004. ToppVolley Norge har i dag 30 årsverk med både tilreisande og lokale tilsette.

Tilbodet har ført til fleire innbyggjarar i Suldal kommune. Fasilitetane til ToppVolley blir brukte fast av juniorlandslaga i volleyball, og med den nye sandvolleyhallen håpar Marvik at også den norske sandvolleyeliten vil bruke Sand som base.

– Vi er i ferd med å bli ein smeltedigel for både juniorar og seniorar, seier Marvik. ToppVolley gir seg ikkje med det.


– Fleire og fleire bruker oss som kompetansesenter for trening, kurs og konferansar. Dette konseptet har vi lyst til å utvikle vidare, sluttar Øyvind Marvik.

NØGDE SAMARBEIDSPARTNARAR

Ordførar Torkel Myklebust i Suldal har ikkje angra på at kommunen valde å støtte ToppVolley-prosjektet.

– ToppVolley har betydd mykje for Suldal kommune og for den vidaregåande skulen i Indre Ryfylke. ToppVolley har blitt ein utviklingsaktør i Suldal, og eg er veldig imponert over det dei har fått til, slår Suldal-ordførar Torkel Myklebust fast.

– Dei marknadsfører dessutan kommu-



SANDHALL: Til sommaren står den nye sandvolleyballen klar på Eide, men Øyvind Marvik i ToppVolley stoppar ikkje der. (Foto: Toyni Tobekk)

nen på ein god måte, legg han til.

I Norges Volleyballforbund er dei også nøgde med utviklinga ToppVolley på Sand har vist sidan 2004.

– Vi er veldig positive til skulen, som sørgjer for kompetanseheving og utvikling av gode volleyballspelarar kvart år. Skulen har i tillegg gode lærarar, som jobbar

systematisk med å utvikle spelarar, seier Eva Lio, som er generalsekretær i Norges Volleyballforbund.

– ToppVolley er vidare eit kompetansesenter for heile volleyball-Noreg, der vi kan kome og lære og bli skolerte på den erfaringa skulen har opparbeidd seg gjennom mange år, held ho fram.

ABC
Startsida[®]
- Ver nynorsk på nett

Din naturlege
start på
internett

www.startsida.no

Ungkarsfestival for 15. gong

Til sommaren arrangerer Kjetil Nærheim Ungkarsfestivalen i Suldalsosen for 15. gong.

Kvinnfolkbering, gjørmebryting, vassvolleyball, «speed-dating», tandemsekkehopping, rundballetrilling, staurbering og dansbar musikk er nokre av stikkorda som kjenneteiknar Ungkarsfestivalen,

som blei arrangert for første gong i 1997.

I fjor besøkte 3300 festivalen. Del-takarane kjem frå mange stader i Sør-Noreg. Publikumsrekorden blei sett for fem år sidan. Då vitja 4200 personar Ungkarsfestivalen. Den gongen stod Åge Aleksandersen på plakaten.

Kjetil Nærheim driv til vanleg firmaet

Trestubben. Ideen til Ungkarsfestivalen fekk han då han kjøpte seg gard på 140 mål i idylliske omgjevnader på Eriksmoen i Suldalsosen og trengte ei tilleggsnæring. Han var sjølv ungar då han starta opp festivalen.

SAGT OM SULDAL:

– Gamlerådmannen Nils I. Korsvoll i Suldal sa det slik: «Suldal er for spesielt interesserte.»
Heidi Hjorteland i kronikk i Stavanger Aftenblad

Ventar på senter

Målet om å etablere eit senter for nynorsk barnekultur med grunnlag i barndomsforståinga til Rasmus Løland er kan hende i sikte.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Sogene om Kvitebjørnen var den siste barneboka Rasmus Løland skreiv, og blir av mange rekna som den beste av barneøkene hans, fortel direktør Roy Høibo ved Ryfylkemuseet. No blir boka grunnlaget for ei heilt spesiell utstilling for barn, og Høibo meiner Kvitebjørnen-utstillinga, der ungane sjølve får vere med og skape historia, fell godt på plass innfor Lølandstiftinga sitt slagord «undrande og skapande». No håper han at denne utstillinga kan bli ei god byrjing på det planlagde barnekultursenteret i Suldal.

TIL INSPIRASJON

Barnekultursenteret på Sand skal ikkje bli eit monument over Rasmus Løland, men snarare eit inspirasjons- og ressurscenter for barnehagar, skular og kulturskular landet rundt, kunne leiinga i Lølandstiftinga fortelje då planane om senteret såg dagens lys i 2009. Sidan då har Suldal kommune og Ryfylkemuseet vore i tett kontakt med statsrådar og departement for å røkte et-

FAKTA BARNEKULTURSENTER

Rasmus Løland-markeringa og Ryfylkemuseet har planar om å etablere eit nasjonalt senter for barnekultur på Sand i Suldal kommune.

ter politisk vilje til å få eit slik senter oppe og gå. Så langt har det bore frukt i form av noko pengestøtte og ein merknad på statsbudsjettet.

Retten før jul fekk Lølandmarkeringa 180 000 kroner frå staten til innspurten i 2011, og stortingsrepresentant Geir Pollestad (Sp) la då vekt på at denne summen ikkje var den endelege løyvinga, men eit skritt på vegen saman med merknaden senteret hadde fått i statsbudsjettet.

SØKJER

Lølandstiftinga og museet har dessutan fått pengar frå Suldal kommune og Rogaland fylkeskommune og Kulturdepartementet, og det er desse pengane som no blir brukte på utstillinga. Nokon faste og forpliktande løyvingar utover det har senteret ikkje fått, men Høibo registrerer at det finst ein politisk vilje til å realisere senteret.

– Lølandsenteret har fått ein merknad på statsbudsjettet, og det er ei oppfordring frå Stortinget til kulturdepartementet om



HAR TRUA: Museumsdirektør Roy Høibo håper på midlar over statsbudsjettet dette året. (Foto: Toyni Tobekk)

å sjå til dette prosjektet. No skal vi snart skrive ny søknad for å sjå om vi kan kome med på statsbudsjettet neste år. Når vi no

får til denne utstillinga, så er det ein god start, seier museumsdirektøren.

Har fått det betre med seg sjølv



ALTERNATIVT NYBYGG: På tre månader bygde Kjell Jostein Vårvik og ein unggut bygget som nå busar meditasjon og alternativ behandling på garden på Bergjord. (Foto: Esther Moe, Suldalsposten)

28. januar fekk garden til Kjell Jostein Vårvik (48) på Bergjord i Suldal eit nytt bein å stå på, då han og kona opna sin eigen avleggjar av Visjonen Senter. På Bergjord kan du nå vere med på kurs i meditasjon og alternativ behandling.

ELIN MOEN KARLSEN
elin@norsk-plan.no

Vårvik var nøgd med livet sitt, men i november i 2009 følgde han magekjensla og blei med kona Wenche Guggedal Vårvik (50) på eit kurs hos Visjonen Senter i Odda.

– Slike alternative greier hadde aldri eg trudd at eg kom til å drive med. Eg hadde det godt med meg sjølv før, men har det mykje betre nå. Eg gjekk gjennom det som eg liker å kalle ein «ryddesjau i hovudet.» Eg sleit med sorg etter at bror min døydde av kreft, og gjennom den alternative behandlinga fekk eg hjelp til å rydde opp og kome meg vidare, fortel Kjell Jostein Vårvik engasjert.

Blant lamaer, mohairgeiter, ponnier, høner, hanar, sauer, smågrisar, stuegrisar, eit par hundar og englekort har nå både mann og kone full jobb på garden. Han bruker mykje av dagen saman med ein 16-åring frå Irak som han har i arbeidstrening på garden gjennom Inn på tunet.

INN PÅ TUNET

Inn på tunet er det som tidlegare blei kalla Grøn omsorg, og er eit tilbod på gardsbruk for einskildmenneske eller grupper. Aktivitetane i tilbodet byggjer på garden og bonden sine ressursar. Tilbodet er tilrettelagt for målgruppe eller brukar. Det kan vere eit utdanningstilbod knytt til skulen eller aktivitets- og arbeidstreningstilbod gjennom helse- og omsorgstenesta.

Saman med 16-åringen bygde Vårvik det 70 kvadratmeter store bygget på garden som er Visjonen Senter, i løpet av tre månader.

– Viss eg ikkje hadde vore gjennom ryddesjauen i hovudet, hadde eg ikkje hatt denne guten i arbeidstrening. Det er noko av det gode den nye trua har ført med seg, seier bonden.

Ein gong i månaden kjem Visjonen Senter-gründer Grethe Fykse frå Odda til Bergjord og held kurs. Kursdeltakarane

kjem frå både fjern og nær.

– Målet er å få det betre med seg sjølv, og det har eg fått. Etter eit slikt kurs føler eg meg lettare, fortel Vårvik.

LÆKJANDE EKTEPAR

Kvar måndag startar ekteparet Vårvik veka med meditasjon saman med trusfellar i det nye kurslokalet sitt. Både mann og kone driv dessutan med healing.

– Korleis har den alternative behandlinga som de tilbyr på garden, blitt tatt imot i bygda?

– Vi høyrer ingenting negativt. Det er ein del skepsis, og det skal det jo vere. Vi har ikkje følt noko ubehag i forhold til dette, slår Vårvik fast.

48-åringen møtte kona på Ungkarsfestivalen fleire gonger, før det i 2002 endeleg var nokre piler som treffe dei begge. Ho var opphavg frå Sauda, men hadde budd på nabogarden i to år. Sauda-jenta har sett sitt preg på garden på Bergjord.

– Eg hadde nok ikkje funne ut av dette viss eg ikkje hadde treft Wenche. Ho har tilført heimgarden min mykje. Det er hennar ære at vi driv garden på den måten vi gjer i dag, sluttar suldalsbonden.



SUKSESSFILM: Keeper'n til Liverpool er basert på boka Keeperen til Tunisia som Lars Mæhle gav ut i 2002. (Foto: Filmweb)

Prisdryss over norsk barnefilm

Den norske barne- og ungdomsfilmen Keeper'n til Liverpool håvar inn prisar. Filmen fekk nyleg publikumsprisen under filmfestivalen Cinequest i California.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Keeper'n til Liverpool kom ut i 2010 og er basert på forfattaren Lars Mæhle si bok Keeperen til Tunisia (Samlaget 2002). Tidlegare i vinter fekk filmen den prestisjetunge Krystallbjørnen som beste film under den internasjonale filmfestivalen i Berlin. Filmen utkonkurrerte òg 11 andre barnefilmjar og gjekk til topps i Montreal

internasjonale barnefilmfestival.

Filmen skal vidare til barnefilmfestivalen i Ghent, Belgia (Flandern), og han var opningsfilm på barnefilmfestivalen i Malmö (BUFF) i mars. I tillegg er det meir enn 30 land som har meldt si interesse for filmen, melder nettstaden til Norsk Filminstitutt.

– Lars Mæhle, korleis er det å vere forfattar og oppleve at filmen basert på boka di har slik suksess?

– Det er smått surrealistisk. No er jo boka og filmen litt forskjellige. Men sjølve rammehistoria er lik, og ho er basert på hendingar frå min eigen barndom i Sunndal. Det var ein gjeng som samla på fotballkort, og det einaste kortet vi aldri fekk tak i, var denne mystiske keeperen til Tunisia. Eller Liverpool, som det er i filmen. Og det at det lokale har funne klangbotn hos unge filmsjåarar, ja, så å

seie verda over, gjer meg nesten litt rørt.

– Kor involvert har du vore i filmatiseringa av boka di?

– Det er det enkelt å svare på. Ikkje i det heile! Men ved ein lagnadens ironi var manusforfattaren til filmen, Lars Gudmestad, sivilarbeidar samtidig med meg på Cinemateket i Oslo. Han er ein morosam og flink fyr, så eg er glad det var han. Alt eg eigentleg har gjort, er å vere med litt i promoteringsarbeidet rundt filmen. Eg har halde innlegg før filmvisingar til skuleklassar m.m.

– Kva jobbar du med no for tida?

– Eg skriv stadig på nye prosjekt. Det er alltid skummelt å røpe noko om manus som framleis ikkje er antatt, så det gjer eg ikkje denne gongen, heller. Men eg håpar det kjem bøker for vaksne og barn også i 2012.

Ungdommar vil bli spurde

36 norske jenter og gutar mellom 14 og 18 år meiner lokalavisa spør dei for lite i saker som gjeld ungdommar.

ELIN MOEN KARLSEN
elin@norsk-plan.no

Dette kjem fram i ei undersøking som LLA (Landslaget for lokalaviser) har gjort i samband med Ung & engasjert-

prosjektet. Ungdommane som tok del i undersøkinga, kjem frå Etne, Egersund, Kvinnherad, Svolvær og Nittedal.

Ungdommane som var med i undersøkinga, peikar vidare på at det ofte er dei same, helst menn, som blir intervjuet. Elles etterlyser ungdommane teikneseriar for unge, eigne vørspalter, sprekare avisdesign, eigne ungpportrett og ei meir gjennomtenkt sisteside.

Ungdommane i undersøkinga vil helst ikkje sjå svart-kvitt-bilete i avisene, saker med slike bilete les dei ikkje.

«Fire- og fem i farten» er ei type spalte

ungdommane synest det er kjekt å lese, og aviser som nyttar dette, får ros av tenåringsgruppa. Få av ungdommane finn lokalavisene sine nettstader særleg interessante. Dei saknar at desse nettstadene blir oppdaterte litt oftare.

– Det er ikkje tvil om at storparten av dei som er intervjuet, føretrekkjer å lesa papiravisa. Dei trur også at det vil bli slik i framtida. Det er noko eige å bla gjennom lokalavisa på papir, meiner dei, seier redaktør for undersøkinga, Tomas Bruvik, i rapporten.



Jan Olav Fretland

- førsteamanuensis i norsk

SPRÅKRÅD

Doke, dykk, de – eller alle?

I slutten av februar leidde eg eit seminar der me drøfta tilrådinga frå nemnda som har laga framlegg til ny nynorsknorm. «Alle» var der: departementet, Mållaget, Det Norske Teatret, Målungdommen, engasjerte privatpersonar, kjende forfattarar og ivrige Språkråd-tilsette. Noko var som før: To-tre ungdommar tykte lite om tilrådinga, særleg framlegget om at i-målet (soli og husi) skal takast bort. Dei ville ha den klassiske, gamle nynorsken attende, og erta på seg Edvard Hoem, som med stor kraft og patos hevda at dei ikkje har følgd med i tida. Andre, frå den austnorske sida, beklaga at nemnda tek bort kløyvd infinitiv, og at ord som annen, noe, drømme og kjøre no er på veg ut av norma.

Men det uvanlege på møtet var at nemnda fekk mykje skryt, og at dei fleste meinte endringsframlegga var fornuftige og ville tena oss som brukar nynorsk. Slik godlyd er uvanleg når målfolk diskuterer norma, og ber bod om at det blir lite ufred når den nye rettskrivinga kjem. Det er gledeleg.

Kva går så framlegga ut på? For det fyrste forsvinn sideformer som prinsipp. Somme av dei blir no del av norma, andre forsvinn. Nemnda legg stor vekt på at den vanlege nynorskskrivaren ikkje skal måtta endra noko særleg på forma si. (Eg må slutta å skriva fremmend, og heller velja framand, det er lite dramatisk. Ja, og så må det bli harv og plomme, ikkje horv og plome lenger.) Så kuttar nemnda mange lite brukte former på begge sider i norma, slik som dei eg nemnde ovanfor. Skule og mykje blir eineformer, medan bokmålsbrukarane får eineretten til skole og mye. Er du i tvil om y eller ø, kan du heretter nokså trygt velja fritt. Nemnda foreslår også valfri j i verb som leggje/legge og søkje/søke og svake hokjønnsord som bryggje/brygge og enkje/enke. Og du kan framleis velja mellom a- og e-infinitiv (høyra/høyre) og mellom me/vi.

Det var mykje vellæte og ein roleg dag for ordstyraren, altså, og mest alle var einige om éi sak: Framlegget om å gje høve til å byta ut de – dykk med dykk – dykk (Dykk må samla dykk om aksjonen) var ein dårleg ide. Somme meinte ein i tilfelle burde innføra doke – doke, men eg tvilar på om den forma vinn fram. Her trur eg ikkje det blir endringar.

Så får me venta på den endelege tilrådinga frå nemnda, og på kva det kongelege departementet bestemmer til slutt. Det er makta som rår, her òg.



ØVER: I nesten sju måneder har elevane ved Eid vidaregåande skule i Sogn og fjordane øvd på *West Side Story*. (Foto: Tommy Bredesen)

Samarbeider med opera

På Eid vidaregåande skule set dei no opp *West Side Story* saman med Opera Nordfjord.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

– Mellom 80 og 85 elevar er involverte i oppsetjinga, seier utviklingsansvarleg på Eid vidaregåande, Torild Natvik.

– Elevane er med på og utanfor scena, og somme opptrer som vertskap og serverer under framføringane.

SPENNANDE

– Det er spennande for elevane å få jobbe med eit profesjonelt orkester, seier Natvik. Ekstra kjekt er det at det er ungdom frå alle linjer, frå elektro til design og alt som ligg i mellom, som er involverte seier ho.

– Skuleelevane som er med, er mellom 16 og 19 år, og dei gjer dette på fritida si i tillegg til å ha det som skulefag.

Produksjonen har gått føre seg sidan i fjor haust, og stykket har premiere nett i det LNK-avisa skal gå i trykken.

LÆRDOM FOR LIVET

Samarbeidet med Opera Nordfjord kom

til mellom anna fordi operaen hadde eit ønske om å gjere noko for barn og unge. Dessutan har skulen og operaen ein del felles samarbeidspartar, og det har no resultert i at operaen leiger inn profesjonelt orkester til oppsetjinga. I tillegg har skulen fått midlar til å leige inn dirigenten til operaen, Michael Pavelich, til å sy oppsetjinga saman.

Produksjon og oppsetjing er finansiert gjennom både offentlege og private midlar, og ein har kunna nyte godt av tilskotsordningar som dei ulike involverte har vore kvalifiserte for. Det meste av arbeidet har vore gjort på dugnad.

– Her har alle mann vore i arbeid for å få til noko kjekt, seier Natvik. Ho trur dei involverte har fått ei oppleving for livet.

– På scena har dei fått lære ting vi aldri kunne ha lært dei i eit vanleg klasserom.

PÅ NYNORSK

Dirigenten til operaen har lenge hatt ønske om å setje opp musikalen *West Side Story*, fortel Natvik. No høvde det så godt at det var mange gode gutestemmer på skulen dette året, slik oppsetjinga krev. Etter opptaksprøver i fjor haust har nesten tretti elevar øvd på song og dans frå Leonard Bernsteins musikal frå 1957. Oppsetjinga i Eid er på nynorsk, med tekstar omsette av Hartvig Kiran.

omtanke
solidaritet
samhold

Bli med i Fagforbundet!



Fagforbundet er det største forbundet i LO og har nå rundt 315 000 medlemmer. Arbeidstakarar i kommunale, fylkeskommunale og private verksemder kan bli medlem i Fagforbundet. I tillegg organiserar vi tilsette i sjukehusa. Di fleire vi er, di større gjennomslag vil vi ha for rettferdig løn og god behandling på arbeidsplassen.

Fagforbundet jobber i mot konkurranseutsetting og privatisering av offentlege tenester. Vi ynskjer ein sterk offentlig sektor som kan gi innbyggjarane ein trygg kvardag og lik rett til velferdstenestene.

Velkommen som medlem.
Send **Fagforbundet medlem** til 1980



FAGFORBUNDET

ABC
Startsida

Vel www.startsida.no som di nye startside. Meir info her:


www.startsida.no/egen

LNK NYTT



NYHENDE
 – Nytt om språk, politikk, kultur og distrikt. Vi gir deg nyhende kvar arbeidsdag!

ANNONSEPLASS
 – Vil du annonsere her? Send e-post til bladstova@lnk.no



LNK-AVISA
 Les den nyaste LNK-avisa. I arkivet finn du og eldre utgåver.

TILRETTELAGT
 – Stor eller liten tekst? Du styrer storleiken.

MEDLEMER
 – Er kommunen din ein LNK-kommune? Vi har gode kart som gir deg svaret.

POLL
 – Kva meiner du? Vi spør, du klikkar. Vi bruker gjerne resultatet i nyhendesakene våre.

TIPS?
 Kontakt redaksjonen på bladstova@lnk.no.

SØK
 – Skriv i søkefeltet og finn saker i LNK.no

NYTT FRÅ NOREG
 – Nytt frå heile landet blir levert av ABC Nyheter

ABC-SØK
 – Utvida nettsøk frå ABC Startside.

ABC OFFENTLEG
 ABC Offentleg – Søk i det offentlege Noreg

NYTT FRÅ DISTRIKTA
 – Nytt frå LNK-fylka blir levert av NRK

aktuelt: Terje Hellesen



(Foto: Det Norske Samlaget)

Bur: I Florø
Språk: Nynorsk
Alder: 37
Aktuell: Ny redaktør
i Blåmann og Bokdykk

Terje Hellesen tok over som dagleg leiar i bokklubben Blåmann i februar.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Korleis går det i den nye jobben?

Det er mykje å setje seg inn i når ein tek til i ein ny jobb, så mykje av tida har gått med til det. Blåmann har jo eit slags ekstra mandat i det at han er den einaste bokklubben for nynorske barnebøker. Skal nynorsken leve, må vi få barn og unge til å nytte målforma. Der kan vi gjere ein forskjell ved å leggje til rette for gode lesaropplevingar. Difor freistar vi å vidareutvikle det gode samarbeidet med til dømes Noregs mållag og barnehageprosjektet deira. Vi har ulike prosjekt på gang, også med andre samarbeidspartnarar, og desse håper vi å kome i mål med i

Forfattar og forlagsmann

løpet av året. Arbeidet mitt inneber også redaksjonsansvar for Bokdykk, som er ein fullsortert nettbokhandel. Bokdykk fører alle norske bøker, på begge målføre, men redaksjonen nyttar nynorsk.

Kva var det som lokka med denne jobben?

For meg som forfattar var det jo fint å kunne få jobbe med bøker også i den «vanlege» jobben dei fleste av oss må ha ved sidan av forfattarvirket. Her eg bur, er det ikkje mange jobbar av dette slaget. Så er det også kjekt at ein kan få arbeide med noko som kan vere viktig for barn og vaksne sine leseopplevingar på nynorsk.

Korleis går det med Blåmann for tida? Og Bokdykk?

Det går absolutt rette vegen når det gjeld sal. Det er ei spanande tid for alle aktørar i bokmarknaden no, og vi har planar og prosjekt på gang som vi gler oss til å setje i gang.

Korleis er stoda for nynorsk barnelitteratur – kjem det ut mange bøker?

Den nynorske litteraturen generelt står det særst godt til med. Også barnelitteraturen. Det er litt underleg dette, at nynorsken kan synest noko kontroversiell og marginalisert i skulen, medan nynorske forfattarar og bøker omsett til nynorsk haustar prisar i fleng og sel godt. Vi plar seie at Blåmann har dei beste og mest prislønte bøkene, og det er vel også tilfellet. Når det er sagt, så ser vi jo gjerne at fleire forlag ser denne trenden og vel å gje ut bøker på nynorsk.

Kva med forfattarar, er det godt tilfang?

Det kjem stadig til nye gode forfattarar på nynorsk. Også for barn. Men kanskje skulle endå fleire våga å skrive for barn?

Du er forfattar sjølv, er det ein styrke i arbeidet ditt?

Det kan nok vere ein styrke på det viset at eg har eit kjensskap til det å skrive, så og seie innanfrå, noko som kan vere til nytte når ein skal vurdere kvaliteten og potensialet til eit manus. Litt hjelper det vel også på at ein som forfattar er kjend med bokverda og har kontaktar mellom forfattarar og forlag. Ein forfattar les jo ein del, og slik kjenner ein også til mange av dei bøkene som er i handel.

Kan det vere ein hemske?

Det kan det sikkert, utan at eg har merka noko til det. No er jo dette ei forretning, og for min eigen del har eg aldri vore oppteken av at det eg skriv, skal løne seg eller treffe ei særskild målgruppe. Men her må eg tenke slik, på vegne av arbeidet til andre. Heldigvis har eg dyktige kollegaer å støtte meg til. Dei tek seg av den generelle økonomiske drifta og kundehandlinga.

Skriv du på noko no?

Nett no får eg nokre dikt omsett til Ukrainisk. Eg vitja Tsjernobyl før jul, saman med to fotografar. Vi budde inne i den avstengde sona i 4 dagar og arbeidde då i den fråflytta byen Pripjat. Denne byen låg like i nærleiken av reaktor 4, som braut saman, og alle innbyggjarane måtte evakuerast. Dei fekk berre ta med



Ruth Lillegraven (1978) kjem frå Granvin i Hardanger. Debuterte med diktsamlinga *Store stygge dikt* i 2005. *Mellom oss* er romandebuten hennar.

debutanten

Hjartet hans slår. Det bankar. Han kan faktisk sjå det også, sjå at det ligg oppå dyna og dunkar.

Tiden Norsk Forlag

seg det mest naudsynte. Prosjektet vårt ber namnet *3 fotografar og ein radioaktiv by*. Det er tenkt som ein poetisk arkeologi som vel skal seie noko om tilhøvet mellom menneskeleg skapnad og natur. Mi oppgave var å ta bilete med ord. Desse las eg direkte inn på ein diktafon. Saman med fotografia skal dei stillast ut i Kiev frå 21. april. Planen er å få utstillinga til Norge også, og å gje arbeidet ut i bokform. Diverre har temaet vorte særst aktualisert no etter at jordskjelva i Japan førde til alvorlege problem ved atomkraftverka der.

Kva ønskjer du for den nynorske litteraturen framover?

Eg synest den nynorske litteraturen står seg godt. Det vitnar framgangen til mange forfattarar om. Vi har også sett at bøker som vert omsette til nynorsk, gjer det særst bra. Det kan virke som nynorsken har vorte meir akseptert som eit litterært språk. Denne utviklinga vil eg gjerne skal halde fram. Då må ein sjølv sagt håpe at nynorsken ikkje berre vert eit feira kunstspråk, men også eit språk som får auka status innan skulesektoren, media og arbeidslivet.

ABC
Startsida[®]
- Ver nynorsk på nett

Din naturlege
start på
internett

www.startsida.no

SONG... BØKER... TEATER...
SPRÅK... TEKNOLOGI...
LEIK...
NYNÖRSK...

Er din barnehage oppteken av å formidle den lokale og den nynorske kulturen? Eit Pirion-kurs kan vere ei god inspirasjonskjelde og setje fart i kulturarbeidet i barnehagen. Eit Pirion-kurs kan vere halvdags eller heildags, for barnehagen åleine eller saman med andre på ein planleggingsdag. Kontakt oss for meir informasjon i dag!
pirion@norsk-plan.no 52 79 04 82 www.pirion.no

Pirion
- kulturavis for barnehagar og skular

Pirion-kurs!

